---------	-----------	--------

Eigendel KLP

22141001	KLP	10 006 811	665 867
----------	-----	------------	---------

Note 6: Utlån

	Beløp	Endring	Finansiering
Startlån	18 279 521	658 307	Lån §14-17
Fitjar skyttarlag	10 000	-690 000	Eigenkapital
Vannvest AS	16 005		Eigenkapital
Sum utlån	18 305 526	-31 693	

Note 7: Gjeldsportefølgje

Formål	Beløp	Snitt løpetid	Snitt rente
Eigne investeringar	269 277	24,9 år	4,48 %
Andre sine investeringar	1 200	13,5 år	2,26 %
Innfriing av kausjonar	0		
Vidareutlån	26 749	13,3 år	3,36 %
	297 225		

Rentebytteavtalar

	Beløp	Utløp	Fast rente
1736757	10 000	29.11.2026	1,82 %
SpV	27 500	16.05.2029	1,96 %
	37 500		

Note 8: Minimumsavdrag**Datagrunnlag**

A	Ordinære avskrivningar	15 533
B	Lånegjeld (ekskl. lån til vidareutlån) 1. januar	256 911
C	Avskrivbare driftsmidler 1. januar	285 033

Minimumsavdrag

$$= (A \cdot B) / C \quad 14\,001$$

Avdrag i drift

14 090

Note 9: Pensjon – KLP

Pensjonsordning:

Kommunen har kollektiv pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) som sikrar ytelsesbasert pensjon for dei tilsette. Pensjonsordninga femnar om alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon AFP / tidlegpensjon, og sikrar alders- og uførepensjon saman med folketrygda. Pensjonane samordnast med utbetalingar frå folketrygda.

Pensjonskostnad:	2022	2023
Noverdi av årets opptening	12 821 196	13 222 961
Rentekostnad av påløpt forpliktelse	9 692 668	11 984 779
Brutto pensjonskostnad	22 513 864	25 207 740
- Forventa avkastning på midlane	-11 419 574	-13 634 492
Netto pensjonskostnad	11 094 290	11 573 248
Amortisert premieavvik	4 639 455	5 083 357
Administrasjonskostnad	648 305	705 430
Samla pensjonskostnad	16 382 050	17 362 035

Fitjar kommune har vald 15 / 10 / 7 års amortiseringstid

Premieavvik:	2022	2023
Innbetalt premie / tilskot	18 485 932	23 539 702
- Administrasjonskostnad	-648 305	-705 430
- netto pensjonskostnad	-11 094 290	-11 573 248
Årets premieavvik	6 743 337	11 261 024
AGA av premieavvik	950 811	1 587 804
Akkumulert og amortisert premieavvik		2023
Akkumulert premieavvik 31.12.2022		23 962 121
+ årets premieavvik		11 261 024
- amortisert premieavvik		-5 083 357
Akkumulert premieavvik 31.12.2023		30 139 788
AGA av amortisert premieavvik		4 249 710

Balanseførte storleikar:

Pensjonsforplikting	Estimat 31.12.22	Estimat 31.12.23
Brutto forplikting	325 899 720	346 843 305
- midlar	-339 730 033	-358 350 207
Netto forplikting	-13 830 313	-11 506 902
AGA av netto forplikting	-1 950 074	-1 622 473
Spesifikasjon av brutto forplikting	2022	2023
Brutto forplikting 01.01	296 531 375	325 899 720
Estimatavvik IB	20 618 236	10 863 288
Årets opptening	12 821 196	13 222 961
Rentekostnad	9 692 668	11 984 779
Utbetalningar	-13 763 755	-15 127 443
Brutto forplikting 31.12 - estimat full amortisering	325 899 720	346 843 305
Spesifikasjon av brutto midlar	2022	2023
Brutto midlar 01.01	310 665 398	339 730 033
Estimatavvik IB	13 571 189	-2 721 147
Innbetalt premie	18 485 932	23 539 702
Administrasjonskostnadar	-648 305	-705 430
Utbetalningar	-13 763 755	-15 127 443
Forventa avkastning	11 419 574	13 634 492
Brutto midlar 31.12 - estimat	339 730 033	358 350 207

Estimatavvik

Estimatavvik	Forplikting	Midlar
Estimatavvik 2023	10 863 288	-2 721 147

Note 9: Pensjon - SPK

Pensjonskostnad:	2022	2023
Noverdi av årets opptening	2 947 262	2 932 417
Rentekostnad av påløpt forpliktelse	974 303	1 122 448
Brutto pensjonskostnad	3 921 565	4 054 865
- Forventa avkastning på midlane	-546 684	-733 760
Netto pensjonskostnad	3 374 881	3 321 105
Amortisert premieavvik	119 352	76 099
Administrasjonskostnad	108 770	114 581
Samla pensjonskostnad	3 603 003	3 511 785

Fitjar kommune har vald 15 / 10 / 7 års amortiseringstid

Premieavvik:	2022	2023
Innbetalt premie / tilskot	3 486 879	5 214 830
- Administrasjonskostnad	-108 770	-114 581
- netto pensjonskostnad	-3 374 881	-3 321 104
Årets premieavvik	3 228	1 779 145
AGA av premieavvik	455	250 859
Akkumulert og amortisert premieavvik		2023
Akkumulert premieavvik 31.12.2022		435 339
+ årets premieavvik		1 779 145
- amortisert premieavvik		-76 099
Akkumulert premieavvik 31.12.2023		2 138 385
AGA av amortisert premieavvik		301 512

Balanseførte storleikar:

Pensjonsforplikting	Estimat 31.12.22	Estimat 31.12.23
Brutto forplikting	36 398 333	36 124 797
- midlar	-20 458 525	-24 248 463
Netto forplikting	15 939 808	11 876 334
AGA av netto forplikting	2 247 513	1 674 563
Spesifikasjon av brutto forplikting	2022	2023
Brutto forplikting 01.01	35 031 505	36 398 333
Estimatavvik IB	-2 554 737	-4 328 401
Årets opptening	2 947 262	2 932 417
Rentekostnad	974 303	1 122 448
Brutto forplikting 31.12 - estimat full amortisering	36 398 333	36 124 797
Spesifikasjon av brutto midlar	2022	2023
Brutto midlar 01.01	22 100 801	20 458 525
Estimatavvik IB	-5 567 068	-2 044 071
Innbetalt premie	3 486 879	5 214 830
Administrasjonskostnadar	-108 770	-114 581
Forventa avkastning	546 684	733 760
Brutto midlar 31.12 - estimat	20 458 526	24 248 463

Estimatavvik

Estimatavvik	Forplikting	Midlar
Estimatavvik 2021	-4 328 401	-2 044 071

Note 10: Garantiar

Gitt overfor - namn	Tekst	Beløp	%-andel	Utløper dato
Kommunalbanken	Lån nr. 20040722 Havn Burettslag (K-sak 003/04)	1 749 571	100	01.11.2029
KLP Banken	Lån nr. 8317.55.56721 Stiftinga Havnauset Bu- og servicesenter	8 000 000	100	19.10.2037
KLP Banken	Lån nr. 8317.55.56748 Stiftinga Havnauset Bu- og servicesenter	3 765 473	100	19.04.2028
Kommunalbanken	Lån nr. 20130477 E/S Gamle Fitjar Tinghus AS	2 354 700	100	03.10.2033
Kommunalbanken	Lån nr. 20130477 Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS K-sak 24.09.2003	317 370	100	21.11.2033
Sum garantiar		16 187 114		

Note 11: Fondsmidler**Bundne driftsfond**

31.12.2022	7 359 843
------------	-----------

Dette er 60 ulike fond med beløp mellom 2 000,- og 928 000,-

Ubundne investeringsfond

31.12.2022	7 426 964
------------	-----------

Bundne investeringsfond

31.12.2022	3 360 073
------------	-----------

Herav:

Avdragsfond formidlingslån	3 110 804
----------------------------	-----------

Disposisjonsfond

01.01.2022	47 763 855
------------	------------

Bruk i år	-2 838 494
-----------	------------

31.12.2022	44 925 361
------------	------------

Note 12: Ytingar**Leiande personar**

Ordfører	Løn	832 568
	Godtgjeldse	1 101
	Sum	833 669

Rådmann	Løn	1 524 828
	Godtgjeldse	16 131
	Sum	1 540 959

Revisor

Rekneskapsrevisjon	147 650
Forvaltningsrevisjon	147 583
ROV-vurdering	5 644
Eigarskapskontroll	0
Rådgjeving	0

Sum	300 877
------------	----------------

Note 13: Sjølvkost

Vatn		Plan og byggesak	
Gebyrinntekter	-6 939	Gebyrinntekter	-1 863
Løn	2 365	Løn	2 241
Andre utgifter	1 749	Andre utgifter	1 435
Avskrivningar	1 325	Avskrivning	40
Renter	1 067	Driftsresultat	1 853
Driftsresultat	-433	Fondsmidler	0
Fondsmidler		Udekket	1 853
Overskot	-433		
		Fond plan og byggesak 31.12	0
Vassfond 31.12	0	Udekket underskot (5 år)	3 747
Udekket underskot (5 år)	1 136		
Avløp		Eigarseksjonering	
Gebyrinntekter	-5 029	Gebyrinntekter	-10
Løn	1 079	Løn	3
Andre utgifter	1 365	Andre utgifter	12
Avskrivningar	1 180	Driftsresultat	5
Renter	812	Fondsmidler	0
Driftsresultat	-594	Udekket	5
Fondsmidler	11		
Overskot	-583	Seksjoneringsfond 31.12	0
		Udekket underskot (5 år)	27
Avløpsfond 31.12	11		
Udekket underskot (5 år)	0		
Feiing og brannsyn		Oppmåling	
Gebyrinntekter	-1 190	Gebyrinntekter	-755
Løn	40	Løn	151
Andre utgifter	1 229	Andre utgifter	580
Driftsresultat	79	Driftsresultat	-24
Fondsmidler	-70	Fondsmidler	0
Udekket	8	Overskot	-24
Feiefond 31.12	0	Oppmålingsfond 31.12	0
Udekket underskot (5 år)	8	Udekket underskot (5 år)	518



FITJAR



Foto: Marianne Ytterne

Årsmelding 2023

Fitjar kommune

Innholdsliste

ORDFØRAREN HAR ORDET	3
FOLKEVALDE OG RÅDSMEDLEMAR	4
POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING	6
ETIKK	7
INTERNKOTROLL OG STATLEGE TILSYN	7
KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING	8
ØKONOMI OG DRIFTSRESULTAT	10
ETAT FOR HELSE OG OMSORG	12
ETAT FOR OPPVEKST OG KULTUR	20
ETAT FOR SAMFUNNSUTVIKLING OG DRIFT	29
ADMINISTRASJON OG POLITISK LEIING	34

ORDFØRAREN HAR ORDET



Eg takkar for tilliten og er glad og takksam for at eg får lov å vera ordførar ein periode til, etter å vore vekke frå politikken i 4 år. Det er med stor glede eg no får kjenna Fitjar på pulsen att.

For å fylla vervet best mogleg ynskjer eg god kontakt med innbyggjarane i kommunen. Eg deltek difor med glede ved små og store hendingar i bygda, og ynskjer som ordførar å ta innbyggjarane på alvor.

Eit godt samarbeid mellom næringslivet og kommunen er viktig. Som næringssjef i kommunen vil eg arbeide kontinuerleg for at me skal være på lag med jobbskaparane og etablert næringsliv.

Eg vil takka ordførar Harald Rydland for innsatsen gjennom denne perioden. Ei stor takk også til dei andre kommunestyre-representantane.

Det nye kommunestyret blei konstituert 25. oktober. I lag med alle dei 16 andre representantane har me eit felles mål å skapa god samfunnsutvikling, sikra gode tenester for innbyggjarane, besøkjande og næringsliv.

Kommunen har store ekstra naturressurs-inntekter frå vindkraft og havbruk. Og sjølv om me får større inntekter enn forventa, får me eit økonomisk resultat som burde vore betre.

Budsjettet er vedtatt med eit overforbruk og i tillegg er driftsutgiftene blitt høgare enn

budsjettet. Dette krev ei god økonomisk styring i åra framover.

Viktige hendingar i 2023 som eg vil nemna;

- Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel starta opp. Det er eit svært viktig arbeid for ei positiv utvikling av Fitjarbygda framover
- Kulturminneplanen skal rullerast og er starta opp
- Svingen barnehage i Rossneset blei opna. Årskog barnehage blei lagt ned ved årsskiftet.
- Deler av sentrumsplanen blei vedtatt.
- Fitjar Utvikling AS la fram visjon for nytt badeanlegg ved Fitjarsjøen.
- E-sport senteret i Fitjar kultur og idrettsbygg nærmar seg realisering.
- Bygging av kompenseringsstasjon for kraftforsyning frå land til Yggdrasil-feltet i Nordsjøen.
- Etter eit år med stor uro i leiinga vart kommunedirektøren einig med politisk leiing om å avslutta arbeidsforholdet i desember. Arbeidet med rekruttering av ny kommunedirektør er starta.
- I budsjettet for 2024 blir eigedomsskatten på hus og hytter halvert. Målet er at den skal fjernast heilt i løpet av denne perioden.

Me har den vakraste naturen, eit mangfaldig næringsliv og dei flottaste menneska. Fitjar har store moglegheiter og ubrukt potensiale.

Fitjar kommune skal vera ein attraktiv og god stad å leva heile livet. Me skal leggje til rette for at fleire vel å busetja seg i Fitjar.

Eg gler meg til å ta fatt og skal gjera mitt beste for at bygda framleis skal ha ei positiv og god utvikling på alle områder.

Med vennleg helsing
Wenche Tislevoll - ordførar

FOLKEVALDE OG RÅDSMEDLEMAR

Fram til konstituering av nytt kommunestyre
25.10.2023.

Kommunestyret

Harald Rydland (ordfører), Sigurd André Maraas (varaordfører), Bård Inge Sørfonn, Rune Helland, Rolf Atle Rolfsnes, Karen Marie Sætre, Astrid Koløen Prestbø, Kristian Skumsnes, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Grete Marit Veka Maraas, Frank Solli, Jo Kjetil Strand, Arne Prestbø, Kristine Kleppe Dalen, Kjell Nesbø, Angunn Bårdsen, Ole André Ertsås Westerheim

Formannskapet

Harald Rydland, Sigurd André Maraas, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Kjell Nesbø, Jo Kjetil Strand

Utval for plan og miljø

Bård Inge Sørfonn, Kristian Skumsnes, Rolf Atle Rolfsnes, Kristine Kleppe Dalen, Angunn Bårdsen

Etter konstituering av nytt kommunestyre
25.10.2023.

Kommunestyret

Wenche Tislevoll (ordfører), Sigurd André Maraas (varaordfører), Ragnhild Prestbø, Gisle Levåg, Erlend Dalen, Geirmund Aga, Jo Kjetil Strand, Karsten André Helland, Geir Arne Isdahl, Harald Rydland, Karen Marie Sætre, Bård Inge Sørfonn, Rune Helland, Rolf Atle Rolfsnes, Jarle K. Helland, Angunn Bårdsen, Kristian Skumsnes

Formannskapet

Wenche Tislevoll, Gisle Levåg, Sigurd André Maraas, Rune Helland, Jarle K. Helland

Utval for plan og miljø

Jo Kjetil Strand, Bente Karin Isdahl, Geir Arne Isdahl, Kristian Skumsnes, Harald Rydland

Utval for oppvekst og omsorg

Ragnhild Prestbø, Geirmund Aga, Karen Marie Sætre, Angunn Bårdsen, Julian Drivenes-Helland

Utval for oppvekst og omsorg

Grete Marit Veka Maraas, Rune Helland, Astrid Koløen Prestbø, Geirmund Aga, Ole André Ertsås Westerheim

Kontrollutvalet

Björg Tislevoll, Kjell Aleksander Skogsrud, Jostein Sandvik, Gro Rydland, Frank Solli

Eldreråd

Dagfinn Lyngvær, Gunnbjörg Kristin Vik, Ole Anders Haukeland, Hilde Karin Tufteland, Grete Marit Veka Maraas

Råd for funksjonshemma

Kari Fjugstad Giske, Sissel Jørgensen, Sunniva Tveita, Sigrid Fangel, Geirmund Aga

Ungdomsråd

Harald Rydland Sæbø, Tord Brekke, Emilie Skutlaberg Vik, Emma Fitjar Hjelle, Melissa-Kristin Kleppe Maraas, Samuel Aarbø Olsen, Jon Fitjar Hjelle, Emma Sævdal Aarbø, Odin Hatlevik, William Hatlevik

Kontrollutvalet

Kjell Aleksander Skogsrud, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Björg Tislevoll, Johan Ove Sørfonn, Rolf Atle Rolfsnes

Eldreråd

Karvel Strømme, Toralf Røen, Gunnbjörg Kristin Vik, Gunn Marit Søreide, Ragnhild Prestbø

Råd for personar med funksjonsnedsetting

Kenneth Rasmussen, Sissel Jørgensen, Jøran Rimmereid, Elin Sørfonn, Geirmund Aga


Ungdomsråd

Harald Rydland Sæbø, Tord Brekke, Emilie Skutlaberg Vik, Emma Fitjar Hjelle, Melissa-Kristin Kleppe Maraas, Samuel Aarbø Olsen, Jon Fitjar Hjelle, Emma Sævdal Aarbø, Odin Hatlevik, William Hatlevik

Politiske utval 2023	Tal møte	Handsama saker
Kommunestyret	9	97
Formannskapet	15	97
Utval for plan og miljø	10	67
Utval for oppvekst og omsorg	5	42
Ungdomsrådet	7	56
Eldrerådet	6	37
Råd for funksjonshemma	4	23

Vedtaksoppfølging	Ferdig	Under behandling
Kommunestyret	53	23
Formannskapet	45	26
Utval for plan og miljø	19	20
Utval for oppvekst og omsorg	13	9

POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING



ETIKK

Vedtekne verdiar og etiske retningslinjer danner grunnlaget for dei vala som vert gjort av både folkevalde og tilsette, i møte med etiske utfordringar i arbeidssituasjonar. Det er dei faktiske handlingane til hos både tilsette og folkevalde som danner grunnlaget for kommunen sitt omdømme hos både innbyggjarar, naboar og institusjonar.

I Fitjar kommune vert dei etiske retningslinjene revidert og stadfesta i starten på kvar kommunestyreperiode. Dette gir forankring på høgaste nivå – og stiller eit klart krav til både folkevalde og tilsette. Dei etiske retningslinjene skal være av overordna karakter, og er ikkje detaljerte regler. Dei er meint å være generelle rettesnorer som igjen krev refleksjon av den enkelte tilsette.

Stadfestinga set og etikk på agendaen, både for folkevalde og tilsette. I det daglege ligg dei etiske retningslinjene tilgjengelege for baa grupper i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo. Ved nyttilsettingar får den enkelte opplæring i dette systemet, og vert gjort kjent med reglane og retningslinjene i kvalitetssystemet.

Eigarskap og verv som folkevalde og tilsette i kommunen blir automatisk registrert i KS Styrevervregister. Registeret er offentleg tilgjengeleg, noko som både gir transparens og forenkler kontroll av at dei etiske reglane om interessekonfliktar vert halde. Ved både administrativ og politisk handsaming er det fokus på habilitet – utan at ein førebels har funne det naudsynt å utarbeide særskilte retningslinjer for dette.

Fitjar kommune eigne kontraktsvilkår for større kontraktar og innkjøp for å sikre at kommunen utviser samfunnsansvar i sine anskaffingar, opptrer med avklarte roller, og stiller etiske krav til leverandørar for å hindre sosial dumping. Fitjar kommune deltek og i Sunnhordland innkjøpsforum, som har utarbeidd eigen anskaffingstrategi og reglement som skal sikra det same.

For å sikre etterleving av lovverk har kommunen etablert system og retningslinjer for avviksrapportering i kvalitetssystemet Compilo. Dette inneheld ein eigen del for varsling av alvorlege forhold. Dette gjer den

tilsette anledning til å rapportere om kritikkverdige forhold etter AML § 2-A1.

Avvikssystemet gjer automatisk verneombod innsyn, samstundes som den valde leiar får melding. Ved bruk av varslings-tenesta vert ass kommunedirektør varsla. I begge tilfelle vil saker kunne ende opp til handsaming i Arbeidsmiljøutvalet.

INTERNKOTROLL OG STATLEGE TILSYN

Budsjettet og finansforvaltninga har vore rapportert på, i tråd med regelverk, i tertialrapportar til kommunestyret.

Utbetalingar er attestert og tilvist av ulike personar. Elektroniske faktura vert kontrollert elektronisk, manuelle av økonomiavdelinga.

Oppbevaring og makulering av rekneskapsmateriale er gjort i tråd med gjeldande arkivplan. Makulering er gjort i samråd med arkivansvarleg.

Revisor har kontrollert internkontrollsystemet i kommunen, og har utarbeida rapport om tilsynet.

Tilsyn

Det er gjennomført 3 tilsyn gjennom 2023.

- Tilsyn frå Kartverket – dette gjeld matrikeloversyn. Sluttrapport er ikkje motteken enno.

- Tilsyn frå mattilsynet.

- Tilsyn etter helse og omsorgstenestelova kap. 9.

- Arkivtilsyn frå Arkivverket i 2022, avvik lukka i januar 2024.



KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING

Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik
Helse og omsorg	115 881	114 556	1 325
Oppvekst og kultur	96 264	95 871	393
Samfunnsutvikling og drift	32 338	28 690	3 649
Politisk leing	4 687	5 461	-773
Administrasjon	20 359	15 965	4 394
Økonomisk forvaltning	-267 935	-258 844	-9 092
Sum	1 594	1 699	-105

Økonomisk resultat

Inngongen til 2023 var eit krevjande budsjett. Det vart vedteke ei rekke innsparingstiltak. Ei rekke einskildtiltak tidleg på året svekka budsjettet ytterlegare.

Det vart rapportert om sannsynleg meirforbruk i fleire etatar allereie i første tertial. Det var samstundes truleg at me ville få meir inntekter enn føreset.

Denne utviklinga heldt fram i andre tertial, trass i ei omfattande revidering av budsjettet i junimøtet.

Til slutt enda me på eit resultat som var nær budsjettresultatet. Ei viktig årsak var at ekstraintekter og lågare finanskostnader vog opp for meirforbruket, som me finn i alle etatar.

Fitjar har ein stor jobb framover for å justera ned driftsnivået til inntektsnivået for kommunen.

2023 har utfordra heile organisasjonen på ulike måtar. Budsjettet var svært stramt og gav lite handlingsrom. Alle etatane har hatt som mål å halda seg innfor budsjetttrammene.

Det viste seg tidleg i året at budsjetttramma blei for lita. Auka sjukefråvær har ført til auka vikarbruk. Det har vore store vanskar med å rekruttera fagpersonell både innan helse og oppvekst noko som har ført til auka belastning og meir sjukefråvær.

Ein har også sett auka behov for tiltak kring einskildelevar og klassar i grunnskulen. Innafor helsesektoren har det vore dei same tendensane med behov for ekstra tiltak rundt einskildbrukarar.

Brann og redning har vore underbudsjettet samtidig som oppdraga har auka monaleg. Sluttpakken til avtroppande kommunedirektør og kjøp av ulike tenester i høve denne prosessen er i sin heilheit utgiftsført i 2023.

Hovudpostane til meirforbruket:

- Tilskot ressurskrevjande tenester vart 4,3 mill. lågare enn budsjettet.
- Inntektssvikt plan, byggesak og oppmåling 2,2 mill.
- Ekstraavgifter kommunedirektør 3,7 mill.
- Innkjøp driftsavdeling 1,5 mill.
- Ekstraavgifter brann og redning 2,1 mill.

Hovudposter til meirinntekter:

- Netto skatt 2,9 mill.
- Havbruksfond 2,5 mill.
- Rammetilskot 1,0 mill.

Til slutt enda netto driftsresultat for 2023 med eit meirforbruk på 1,6 mill. Noko som blei litt betre enn budsjettet.

Større inntekter enn forventet er sjølvstendig positivt, men når det gjeld driftskostnadene så greidde ein ikkje å halda seg innanfor vedtatt budsjett. Driftsutgiftene vart totalt 8,3 mill. høgare enn det som var budsjettet. Grunnen til dette meirforbruket er samansett og er forklart under dei ulike einingane.

Kommunedirektøren synes det har vore krevjande å vurdere dei økonomiske rammevilkåra og håper at dette vert meir forutsigbart framover.

Stortinget vedtok i 2023 å betra kompensasjon til vertskommunar for vindkraft. Produksjonsavgifta er sett til 2,3 øre per kWh. Kommunen får denne avgifta frå 2025, etter ei opptopping i 2023 og 2024.

Det er uansett svært viktig å halde fokus på økonomistyring framover. Samstundes må me arbeida for å leggja til rette for nye investeringar som både gjev arbeidsplassar og inntekter til Fitjar kommune.

Om organisasjonen

2023 var prega av stor uro i leiinga. Mellom anna vart kommunedirektøren einig med politisk leiing om å avslutte arbeidsforholdet i desember.

Det er tilsett fire leiarar i leiargruppa på seks i perioden februar 2023 til mars 2024.

Dette gjorde både kontroll og planleggingsarbeid vanskelegare.

2023 Årsverk	Tal på tilsette	Tal på årsverk
Fast tilsette	278	221
Vikarar/midlertidig med stillingsbrøk	46	29
	324	250

Kvalitet og tenesteyting

Kvalitet i kommunale tenester viser seg gjennom resultat og oppleving av tenestene for brukarane, fagkompetansen som våre tilsette har og deling av kunnskap mellom medarbeidarar uansett sektor.

Kompetanseheving har vore ein viktig del av kvardagen for mange slik at kvaliteten på tenesteytingane har blitt styrka. Det har gjennom året vore fokus på å finna dei gode trygge digitale løysningane. Dette har gjort kommunen meir robust og sikringssystema har blitt styrka slik at kommunen er mindre sårbar for dataangrep utanfrå. Tilsette har delteke på e-læringsmodular for å vera meir bevisste i høve til dette.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i organisasjonen samla var på 10,2 %. Dette er ein auke på 0,8 prosentpoeng i høve 2022, og diverre langt høgare enn målet på under 7,5 %. Administrasjon og politisk leiing, samt oppvekst og kultur ligg under måltalet.

Det har vore tett oppfølging av sjukemelde, samt ekstra mange rekrutteringar i 2023. Det blei tilsett 4 personar i vikarpool for helse og 2 tilsette i vikarpool for oppvekst, men rekrutteringsutfordringar førte til at desse stillingane fort gjekk over i andre stillingar.

Likestilling

Fitjar kommune har om lag 81,8 % kvinner og 18,2 % menn som tilsette. Me har 23 kvinner og 12 menn i leiande stillingar, frå kommunedirektør til avdelingsleiarar. 161 tilsette jobbar fulltid og 163 tilsette jobbar deltid, talet inkluderer vikarar og midlertidige tilsette. Gjennomsnittleg stillingsbrøk for deltidsstillingar er 54,8 %, (55,9 % i 2022). Dette talet inkluderer 10 brannmenn sine stillingsbrøkar som er 2,5 % og 3 %.

Om påverknad på ytre miljø

Fitjar kommune har ikkje vesentleg aktivitet som påverkar det ytre miljøet på negativ måte, med unntak av tenestebilar med fossilt brensel som er under utskifting, ein del innkjøp og investeringar.

ØKONOMI OG DRIFTSRESULTAT

Generelt


Rekneskapen 2023 viser eit underskot på 1,6 mill. Budsjettet hadde eit underskot på 1,7 mill. På inntektssida vart dei generelle driftsinntektene betre enn budsjettert, ca. 6,3 mill. I tillegg vart finansutgiftene lågare enn venta. Finansutgiftene vart 2,0 mill. lågare enn budsjettert.

Skatteinngangen vart 84,8 % av landsgjennomsnittet. Dette er ein nedgang frå året før då Fitjar hadde 85,3 %. Kommunen fylgjer gjennom inntekts-utjamninga i rammetilskotet, den nasjonale skatteveksten, slik at 60 % (95 % under 90) av meir- eller mindreinntekter vert utjamna.

Driftsresultat

Brutto driftsresultat vart 1,6 mill. mot 9,8 mill. i 2022. Betre skatteinngang nasjonalt, ekstra rammetilskot og meir inntekter frå Havbruksfondet, bidrog til inntektsauken. Netto driftsresultat, etter finanspostar, vart - 1,6 mill. i 2023 mot 8,0 mill. året før.

Vedteke måltal for netto driftsresultat er 1 % av driftsinntektene. Kommunen hadde - 0,4 % i 2023. Dette er ned frå 2,3 % i 2022.




Unytta øyremerkte tilskot vert sett på fond, og vert teke inn att når dei vert nytta. Ein får meir- eller mindreforbruk etter avsetjingar og bruk av slike fond.

Måltal

Kommunestyret vedtok i november 2019 økonomiske måltal i samsvar med ny forskrift.

Indikator	Mål	Resultat
Sunnheit	> 1 %	- 0,4 %
Gjeldsbelastning	< 90 %	81,0 %
Renteeksposering	< 0,2 %	0,0 %
Likviditet	> 17 %	19,3 %
ROBEK	> 10 %	12,3 %

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



Pensjon

Både pensjonsforplikting og pensjonsmidlar er estimerte storleikar. Fjorårets beløp vert korrigert i løpet av året til faktisk beløp. Deretter vert årets tilgang lagt til, og ein får estimerte beløp ved årsslutt. Korrigeringa vert kalla estimatavvik. Dette er ikkje ei utgift og vert difor ført direkte mot kapitalkontoen.

Samla pensjonsforplikting var ved årsslutt 386 mill., der 346,8 mill. var i KLP og 36,1 mill. i SPK. Dette er ein auke på 19,7 mill. siste året. (Avviket mellom leverandørane og totalen skuldast arbeidsgjevaravgift.)

Samla pensjonsmidlar vart samstundes 387 mill., der 358,4 mill. var i KLP og 24,2 mill. i SPK. Samla midlar auka med 22,4 mill. i 2023.

Premieavviket er utgifter ein allereie har pådratt seg, men ikkje utgiftsført. Det vert avskrive (utgiftsført) over 7 år. Premieavviket auka med 9,0 mill. samla; 6,2 mill. i KLP, og i SPK med 1,7 mill. og er no på 36,8 mill.

Samla pensjonskostnad vart 17,8 mill. etter fråtrekk av arbeidstakar sin del. Dette er 0,7 mill. meir enn i 2022. Det var budsjettert med 17,5 mill. i 2023.


Investeringar og lånegjeld

Fitjar kommune har investert for 62,1 mill. brutto i 2023. Dette er 16,4 mill. meir enn i 2022, og 20,4 mill. under budsjett. Investeringane er finansiert med mva.-refusjon (8,4 mill.), tilskot (0,3 mill.), sal (11,5 mill.) bruk av lån (40,0 mill.), og bruk av fond (1,2 mill.).

Det vart teke opp to lån til investeringar i 2023 på til saman 28,6 mill. (47,1 mill. året før). Avdrag i drift er no komme opp i 14,1 mill.

Samla lånegjeld per 31. desember var 297 mill. som er ein auke på 12,4 mill. siste året.

Deler av renteporteføljen er sikra anten med fast rente eller med rentebytteavtalar (SWOP). Rentebytteavtalar har same verknad som eit fastrentelån og gav negativ margin samanlikna med flytande rente også i 2023. Samansetninga av renteutgifter, fastrenteavtalar og renteinntekter er slik at kommunen er lite utsett for rentesvingingar.



Finans

Likviditeten har vore god gjennom store deler av 2023. Dette skuldast at me nyttar ubundne fond som driftslikviditet. I tillegg hadde me vel 13 mill. i unytta investeringslån ved inngangen til 2023. Innlånsrenta vår er basert på flytande rente i pengemarknaden (NIBOR) med ein margin til kredittinstitusjonane. Det generelle rentenivået steig vidare i 2023, og forventta rentetopp vart nådd før nyttår.

Gjennomsnittleg nivå på 3 månaders NIBOR var 4,15 % i 2023. Budsjettert NIBOR var 3,67 %, og budsjettert gjennomsnittsmargin var 0,60.

Kommunen har også inntektselement knytt til rente. Statlege kompensasjonar som fylgjer rentenivået (kompensasjonstilskotet) dekker 19,5 mill., utlån utgjorde 17,5 mill. og VA-lån som blir dekkja over sjølvkostordninga 43,5 mill., pr. 01.01. Desse utgjorde samla 80,8 mill.

VA-renta fylgjer 5-års SWAP-rente med tillegg av 0,5 %, og hadde eit gjennomsnitt på 4,30 % (3,53 % i 2022). Snittrenta på startlån i Husbanken var 2,59 % i 2022, mot 1,42 % i 2021.

ETAT FOR HELSE OG OMSORG

Økonomisk resultat

Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik
Helse og sosial	14 574	15 602	-1 028
Institusjon	31 220	30 203	1 017
Heimetenester	21 085	20 152	934
Habilitering	27 332	24 184	3 147
Helsespesialistar	9 532	11 038	-1 506
NAV	12 138	13 376	-1 239
Sum	115 881	114 556	1 325

Etaten kjem ut med eit meirforbruk på om lag 1,3 mill. Leiarane har hatt god styring, vore tett på drifta med fokus på resultat/budsjett. Det er likevel variasjonar på resultat i ulike einingane. Resultatet er påverka av fleire tilhøve:

- Helse og sosialavdelinga sitt mindreforbruk skyldast: vakanse helserådgjevar, mindreforbruk på barnevern.
- Institusjon viser meirforbruk skyldast: meirforbruk på vikarpostar og innleige av sjukepleiarar gjennom vikarbyrå.
- Heimetenester sitt meirforbruk skyldast: utgifter til å dekkja inn vikarar i ulike fråvær.

- Habiliteringstenesta sitt meirforbruk skyldast: Mindre statleg refusjon for ressurskrevjande tenester, (tiltak vart utsett til 2024), vikarutgifter og leige av helsepersonell gjennom vikarbyrå hausten 2023.
- Helsespesialistane sitt mindreforbruk skyldast: meir inntekter gjennom HELFO-refusjon og eigenbetaling for legar, det vart ikkje nytta vikarbyrå til rekruttering av fastlege.
- Nav sitt mindreforbruk skyldast: refusjon frå NAV, vakante stillingar, mindre sosialutbetaling og mindre utbetaling til introduksjonsprogrammet.

Felles

Etaten har søkt og fått innvilga statlege prosjektmidlar til ulike føremål på om lag 3,2 mill. Derav 2 mill. som bidreg til kapasitet og fornying i tenestene til brukarane, då spesielt i rusomsorga og tiltak til aktivitet for ungdom. Om lag 1,2 mill. er tilskot til ulike utdanning, og oppfølging i ALIS laupet (Allmennlege i spesialisering). Arbeidet med prosjektmidlar krev mykje oppfølging til forarbeid med mål og tiltak, og etterarbeid med rapportering og evaluering.

Måloppnåing

Mål 2023	Delmål 2023	Resultat 2023
NAV		
Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, og betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge.	Tal på sosialhjelps-mottakarar i alderen 20 - 66 år, av innbyggjarane, skal vera <3,0 %	I dag har ein 90 brukarar som har fått sosialhjelp, dette er ein oppgang frå 2023.
	Gjennomsnittleg stønadslengde mottakarar 18 - 24 år, skal vera < 5 personar.	I 2023 var det under 8 personar innan denne aldersgrensa som mottok sosialhjelp. NAV har ved hjelp av prosjektstillingar etablert tilbod for ungdommar utanfor arbeidslivet «Laget» stilling som "ungdomskoordinator", som fangar opp ungdom som står i fare for å dette ut av studie. Disse stillingane har bidrege med at fleire ungdommar har vorte fanga opp tidleg.
	Sosialhjelpsmottakarar med stønad i 6 månader eller meir, skal vera < 25	2023 er talet 28 personar. Dette er same tal som i 2022
Pleie – og omsorg		
Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.	Tal på årsverk i brukarretta tenester: Psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjar, skal vera > 10 Vidareutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggjar, skal vera >12,5	Fitjar kommune har i KOSTRA 12,4 Fitjar kommunehar i KOSTRA 9,2
	Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.	Det er lagt til rette gjennom omstillingsarbeid, stillingsomtalar og kompetanseplan.
Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester.	Bruk av omsorgs-teknologi skal bidra til trygge og tilpassa tenester. Innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim	Gått over til digitale tryggleiksalarmar, tatt i bruk døralarm, GPS, utviding av mobilomsorg, tatt i bruk elektroniske medisindispenasar. Arbeidar etter plan for "implementering av omsorgsteknologi". Digitalisert varelager i Pleie og omsorg
		Dagtilbodet til demente vart redusert frå 4 til to plassar i 2023. Det vart auka ressursar i fysio- og ergoterapitenesta i 2023 med tilsaman 30 % stilling. Dei bebuarane på Havnauset som har høgare omsorgsbehov har fått vedtak om sjukeheimplass, og satt på venteliste.
		Ulike tilbod i samarbeid med Fitjar vidaregåande skule, frivilligsentralen og institusjonskjøkenet. "Aktive saman", "Matglede" og "Gotrimmen" trimtilbod for heimebuande.
		Syner til punkta ovanfor.
		Sjukefråværet for 2023 ligg på 13,3 %. Målet er ikkje nådd.

HMT

Fitjar kommune har gode rutinar for HMT arbeid i helse, sosial og omsorgssektoren. Etaten er flink til å melde avvik i Compilo, i 2023 vart det meldt inn 178 avvik totalt. Dei fleste avvika vert handsama på einingane, men avvik som går på trugslar og vald, høg arbeidsbelastning grunna personalmangel har vorte løfta opp i administrasjon. Det vert årleg gjennomført Risiko og sårbarheits analyse i einingane gjennom vernerunden.

Einingsleiarane har medarbeidersamtalar med tilsette. I 2022 vart det sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som arbeidar med heiltidskultur, gruppa er samansett av tilsette frå administrasjonen, tillitsvalde og politisk v/varaordførar. Denne gruppa har og arbeida inn i 2023.

Det er i Pleie og omsorg oppretta HMT-utval, der avdelingsleiarar har faste møter med verneombod og tillitsvalte.

Sjukefråvær

I 2023 ligg samla sjukefråvær på 13,3 % i etaten, det er 0,4 % høgare enn 2022. Det er einingane med heildøgns bemanning som har det høgaste fråværet. Det er fleire høve som påverkar fråværet: Fleire langtidssjukemelde og permisjonar.

Einingane har hatt store utfordringar med å skaffe vikar både til kortvarig- og langvarig fråvær, samtidig som fleire helgestillingar har vore vakante. Dette har ført til meirbelastning på den enkelte tilsette. Dette har nok og truleg eit utslag for det store sjukefråværet er vedvarande. For å redusere belastninga har det vore naudsynt å nytte sjukepleiar gjennom vikarbyrå. Det var i administrasjonsutvalet i meldingssak, der helse skulle bemanna opp med til saman fire stillingar i vikarpool. Disse stillingane har gått inn i ulike langvarige vikariat. Dette gjer at ein ikkje har fått sett noko dra hjelp i kortidsfråvær.

Personalsituasjon, kompetanse og kompetanseheving

Samla sett har helse, sosial og omsorg 121,7 årsverk, fordelt på 55 heiltidsstillingar og 66,7 årsverk i deltidstillingar. Mange av deltidstillingane er knytte til helg, eller arbeid i andre einingar. I tillegg til fastsett årsverk har kommunen 4 stillingar som er

knytte opp mot prosjektstillingar på NAV, psykisk helse og pleie og omsorg.

Etaten har tilsette som har variert og god kompetanse. Gjennom kompetanseløftet 2025, har kommunen fått midlar som ein har nytta til delfinansiering av ulike utdanningslaup:

- 1 tilsett starta hausten 2021 på master i avansert klinisk allmennsjukepleie.
- 1 tilsett var ferdig våren 2023 med vidareutdanning innan palliativ sjukepleie.
- 1 tilsett har gjennomført veiledarutdanning.
- 21 tilsette gjennomførte våren ein modul i leiarutdanninga; «forhandling og kommunikasjon»
- 10 tilsette starta opp i velferdsteknologien ABC

I 2023 har pleie og omsorg hatt 3 helsefag-lærlingar, 2 har teke fagbrev, og 1 ny lærling starta hausten 2023.

Digitalisering

Auka bruk av teknologi i omsorgstenesta opnar for nye moglegheiter i utforming av tenestetilbodet. Etaten har ei arbeidsgruppe som arbeidar med korleis Fitjar kommune kan nyttiggjere seg av e-helsedirektoratet sine tilrådingar av teknologi som er klar for bruk. Arbeidsgruppa jobba etter plan for implementering av omsorgsteknologi i pleie og omsorgstenestene. Denne gruppa har ikkje vore like aktiv i 2023, men ein har starta opp arbeidet med delprosjekt «*medisindispensar*» hausten 2023.

I heimebaserte tenester har ein bytta ut tryggjleiksalarmane frå analoge til digitale. Håa einskilde brukarar er det tatt i bruk rørslesensor, GPS, fallalarm, hausten 2023 vart det tatt i bruk 6 medisindispensarar. Det er tatt i bruk valdsalarm med GPS sporing, for tilsette som arbeidar med utfordrande brukarar.

Lifecare Mobil Pleie (LMP) vert brukt i heimesjukepleia, Gartneritunet og rusomsorga. Mobil pleie gjev til ei kvar tid tilgang til oppdatert informasjon frå journalsystemet, og legg til rette for effektiv kommunikasjon mellom dei tilsette i tenestene. Bruk av mobil pleie har gitt tenestene i pleie og omsorg ein betre og

meir fullstendig journalføring, god oversikt over kven som skal ha tilsyn på aktuell dag, tidspunkt for besøket, kva som skal utførast under tilsynet, og kva tilsyn som er utført. Teknologien har ført til at tiltaksplanane til tenestemottakarane alltid er oppdaterte, og dermed gjev eit rett bilete av vedtaket.

I 2023 innførte Fitjar bu- og behandlingssenter og heimebaserte tenester Eit digitalt system for lager og bestilling av varer "Aktiv forsyning". Systemet gir positive effektar kring effektivisering av bestilling av varer, ryddig og oversiktleg lager, som gir mindre svinn.

På Fitjar bu- og behandlingssenter har me eit moderne velferdsteknologisk plattform og eit lokalt pasientvarslings-system der tilsette og bebuarar vert posisjonerte ved hjelp av tilsett-/bebuarsmykke. Posisjonering gjev både passiv og aktiv varsling ved ulike hendingar. «Det mobile vaktrommet» gjev effektiv alarmvisning og handtering på mobiltelefonar, og vaktromstavla gjev tryggleik dersom nettverk/straum fell ut.

Ved NAV har nytta ein dataverktøyet «DigiSos», som tyder digitale innbyggjartenester – sosiale tenester i NAV. DigiSos har gjeve nye moglegheiter for digital dialog med brukarane gjennom heile døgeret, der 90 % av brukarane no søker om sosialhjelp digitalt. Sakshandsamarane har fått meir frigjort tid til å følgje opp brukarane.

Miljøretta helsevern

Helserådgevar er leiar for teamet. Arbeidet med miljøretta helsevern vart styrka med 15 % stilling i 2022, gjennom omdisponering av personalressursar på rådhuset. Det har gjennom året vorte jobba med å få ut informasjon om arbeidet innan miljøretta helsevern på kommunen si heimeside, laga ein handlingsplan for regelmessige tilsyn og starta opp med samarbeidsmøte med andre kommunar.

Tenestekontor

Tenestekontoret har ansvar for tildeling av helse- og omsorgstenester i kommunen. Kontoret har også koordinerings- og samordningsansvar for fleire tenester, og er kommunen si koordinerande eining. Det har i 2023 vore eit aukande søknadsmengde for barn med omfattande og samansette

tenester som har behov for avlastning, IP og koordinator. Kommunalt avlastningstilbod for barn og unge er ikkje eit tilbod som kommunen pr. i dag har. Dette tilbodet må ein arbeide med å få på plass.

Barnevern

Stord er vertskommune for Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste for Bømlo, Stord og Fitjar (SIB).

Barnevernet er organisert i ulike arbeidslag. Dei aldersdelte laga har ansvar for undersøking og tiltak. Lag sped- og småbarn, for aldersgruppa 0 -6 år. Lag barn i høve aldersgruppa 6 - 12 år, og lag ungdom 12 - 18 år. Lag omsorg har ansvar for barn med omsorgsvedtak. Tenesta har eigne stillingar som inngår i eit arbeidslag for familierettleiing. Målsetjinga med rettleiinga er å styrke omsorgskompetansen til foreldre.


Dei fleste born får hjelpetiltak i heimen, men det er også nokre born som får tiltak utanfor heimen, ved at kommunen overtek omsorga. Fitjar kommune har i 2023 nedgang i omsorgsovertaking og tiltak i heimen.

Interkommunal legevakt og interkommunale døgnseger

Fitjar kommune samarbeider med Bømlo og Stord om ei felles legevakt som er tilknytt Sunnhordland Interkommunale legevakt IKS. Under same eining ligg døgnavdelinga, der Fitjar kommune disponerer ei ½ døgnseing av dei 4 kommunale akutte døgnseingene og ca. ½ døgnseing av 5 observasjons-seiger. Selskapet har i 2023 hatt ei stor auke i førespurnadar til legevakta, og erfaring viser no at pasientane som ligg på IDA krev meir behandling og oppfølging enn tidlegare. Selskapet hadde eit meirforbruk i 2023 på om lag 2,3 mill. Dette meirforbruket ligg ikkje inne i rekneskapsoversikta til etaten, då IKS er eit eige selskap.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorg vert organisert under ein einingsleiar, og omfattar heimetenestene og institusjonen, Fitjar bu- og behandlingssenter (FBB).



Ein erfarer stadig at det vert lagt eit større ansvar på kommunane til å ta imot utskrivingsklare pasientar, samtidig som sjukdomsbiletet til pasientane er meir komplekse og samansette. Utfordringar med å ta imot utskrivingsklare pasientar med omfattande diagnosebilette og medisinsk oppfølging, krev at ein har god dekning av kvalifisert helsepersonell på jobb til ei kvar tid.

I budsjettet for 2023 skulle pleie og omsorg auke opp med tre faste institusjonsplassar og ta ned tilsvarende kortidsplassar, slik at ein stod att med ein kortidsplass. Utfordringa ein stod ovanfor fyrste halvdel av 2023, med svært mange utskrivingsklare pasientar, avlastning for pårørende og korttidsopphald, førte til at tiltaket ikkje kunne realiserast.

For å stetta behovet for kortidsplassar har ein nytta ledige rom på Havnahuset. Der behov som gjeld kartlegging, avlastning og ekstra hjelp mellom sjukehusinnleggingar. Havnahuset gir tilbod på eit lågare omsorgsnivå enn sjukeheimen og ein erfarer at tilfriskning og vegen heim er kortare,

noko som igjen fører til ei anna forventning om langtidsplass.

Brukarar som har hatt sitt butilbod på Havnahuset, og som har eit pleiebehov som ligg på eit høgt omsorgsnivå har fått vedtak om sjukeheimplass. Dette tiltaket samsvarar med målsettinga kommunen har for å møte dei demografiske utfordringane ved at eldre skal bu heime lengst mogleg.

På tross av utfordringsbiletet med utskrivingsklare pasientar i fyrste halvår har kommunen ikkje betalt for overliggjardøgn for utskrivingsklare pasientar innan somatisk helse i 2023.

Det er utfordringar knytt til rekruttering av fagutdanna helsepersonell, og då spesielt sjukepleiarar. I grunnbemanninga er dei største utfordringane knytt til helg. Det vart i starten av året tilsett fire personar i vikarpool, disse gjekk inn i ulike vikariat. I tillegg har det vore naudsynt å nytte to sjukepleiarar gjennom vikarbyrået gjennom heile året, for å ha forsvarleg sjukepleiardekning.

Heimetenesta

Totalt pr. 31.12.23 har tenesta omlag 55 brukarar som mottok ulike tenester som: heimehjelp/praktisk bistand, levering av mat frå kjøkkenet v/FBB, og tryggleiksalarmar.

På Havnahuset (omsorgsbustadar) er bebuarane eldre og hjelpebehovet er såleis aukande, og ein observerer at det er tyngre pleie gjennom heile døgeret. «Pleietyngda» er utfordrande då bygningsmassen ikkje er laga for denne brukargruppe, det er til dømes små og tronge bad som gjer det vanskeleg å bruke hjelpemidlar, og sikra HMS ovanfor tilsette. Det har vore to dødsfall på Havnahuset i 2023.

Institusjon, FBB

Langtids- og korttidsplassar i institusjon omfattar medisinsk behandling og eller oppfølging, pleie- og omsorgstenester knytt til somatiske lidingar, generell geriatri, demens, og pleie i terminal livsfase. Pasientgruppa som får tildelt plass på sjukheimen er endra; pasientane er sjukare, det vert forventa at kommunen overtek pasientar frå spesialisthelsetenesta på eit tidlegare tidspunkt og ferdigbehandlar dei i kommunen.

FBB har eige institusjonskjøken. Næringsrik mat er ein viktig nøkkel i god eldreomsorg. Kjøkken har sidan 2019 bidratt med middag til prosjektet "Aktive saman" med tiltaket "matglede".

I januar 2023 gjekk Fitjar kommune vekk frå tiltaket «middag til middagstid», og serverer middag kl. 12:30 til pasientane. Dette har vist seg å vera positivt for pasientgruppa.

Dagtilbodet for demente, er eit tilbod til demente som bur heime. Tilbodet legg til rette for aktivitetar inne, ute, turar og tilstellingar. I 2023 hadde tilbodet få brukarar. Tilsette har difor vore sett til å dekke sjukefråvær i all hovudsak på demensavdelinga.



Foto: Kari Bjelland Vik

Habilitering

Eining for habilitering ytt tenester til personar som har omfattande og samansette behov, her under kjem og tenester til ressurskrevjande tenester, dagtilbod i Bakken og VTA arbeidsplassar på Podlen

Verkstad AS. Tenesta har eit stor fokus på "Målretta miljøarbeid" med endringsfokus og tilnærming til i høve opplæring, meistring og åtferd.

Eininga ytt i hovudsak tenester til personar med utviklingshemming. Det er stor variasjon i hjelpebehov og bemanningstettleik. Eininga har tenestemottakarar med høg bemanningsfaktor, der fleire har 1:1 bemanning, med yttelegare behov for støtte i periodar med utfordrande åtferd. Tenesta har eit tett og godt samarbeid med Habiliteringstenesta for vaksne funksjonshemma i spesialist-helsetenesta, der ein får råd, rettleiing og oppfølging kring einskild brukarar.

Iverksetting av tiltak kring ressurskrevjande tenester frå 01.04.23 har vorte utsett til 01.02.24.

Bakken dagtilbod hadde i 2023 ni tenestemottakarar. Tilbodet skal bidra til ein meningsfull kvardag som legg vekt på meistring og tilpassa aktivitetar. Aktivitetane ein legg til rette for her er vedhogst for sal, matlaging, snikkarverkstad inne, ulike hobbyaktivitetar, trim o.l.

Dagtilbodet var i utgangspunktet meint til å vera for nokre få personar som ikkje fekk plass på Podlen verkstad AS. I dag er dette behovet endra og ein gjev tilbod til langt fleire enn tidlegare. Det er yngre brukarar som krev andre typar aktivitetar, samt at det er fleire som har meldt behov for ein tilpassa arbeidsplass. Etterspurnad om plass og bruksområdet gjer at det no er behov for at bygningsmassen vert oppgradert, utvida og utbetra ytterlegare.



Foto: Kristin Johansen Vestbøstad

Legesenteret

Fitjar legesenter har organisert drifta mellom to kommunalt tilsette legane og ein fastlege i næringsdrift. Der dei to kommunalt tilsette legane har kvar sin tilsynsfunksjon, ein på sjukeheimen, ein på helsestasjonen. Den næringsdrivande legen har funksjon som kommuneoverlege og smittevernlege i om lag 20 % stilling. Denne legen starta i stillinga 01.09.23. I tillegg har legekontoret ein LIS-1 lege.

Det har også i 2023 vore vakansar i legestillingar som har medført vikarinnleige. I laupet av hausten 2023 sa begge fastlegane opp stillingane sine, slik at kommunen nok ein gong står utan fastlegar i 2024. Det har og er utfordrande å rekruttere nye fastlegar, kommunedirektøren arbeidar no med å sjå på andre løysingar som kan gjere Fitjar kommune meir attraktiv i rekrutteringsarbeidet med å få stabilisert legetenesta.

Psykiatrisk heimesjukepleie


Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem. I eininga vert det lagt stor vekt på tverrfagleg samarbeid. Eininga har ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet.

Det er nasjonale forventningar til at kommunen skal kunne tilby hjelp til personar med psykiske vanskar i eigen kommune før dei vert vist vidare til spesialisthelsetenesta. Dette har nok og ein samanheng med auken i etterspurnad: Pr 31.12.23 har tenesta 70 aktive brukarar i aldersgruppa mellom 18 år og 88 år. I 2023 fekk tenesta 36 nye søknadar. I tillegg til dei aktive brukarane, føl tenesta opp elevar frå barneskule, ungdomskulen og vidaregåande skule, samt at tenesta hjelper til ved behov med LAR-utdeling. I tillegg har den eine psykiatriske sjukepleiaren koordinatorrolle for to born.

Tenesta har 1,8 årsverk fordelt på to psykiatriske sjukepleiarar, men har hatt prosjektmidlar tilsvarande 20 % stilling frå 01.07.20 og dermed har begge tilsett jobba 100 % stilling. Desse midlane går ut 31.12.23. Tenesta har fått nye midlar frå 01.01.24 i samband med styrking av teneste til barn og unge. Der den eine psykiatriske

sjukepleiar no skal jobbe 20 % med oppfølging av barn og unge, samt delta i Tiltaksteam annakvar veke. Utifrå dei auka behova i tenesta i heile aldersperspektivet er det behov for å auke opp stillingane når prosjekta går ut.

Netto driftsutgifter til sosialektoren



Fysio- og ergoterapeuttenesta

Målsetjinga med tenesta er å leggja til rette for at brukarar; kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv, og kunne bu lengst mogleg i eigen heim.

Eininga er ein viktig bidragsytar i det førebyggjande arbeidet og dimensjonering av dei kommunale tenestene.

Eininga skal yte fagleg forsvareleg fysioterapi der det er behov, og er ein viktig del av eit rehabiliteringsforløp. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogeleg for å betre/oppretthalde brukaren sin funksjon og førebyggja forverring etter sjukdom/skade. I tillegg vert det søkt om hjelpemidlar og lagt til rette i heimen.

Eininga ytt tenester til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, heimen og i institusjon. Tilsette samarbeider tverrfagleg internt i kommunen, og med spesialisthelsetenesta.

Tenesta har på lik linje med heimetenesta erfart at det vert stadig meir krevjande oppfølging kring alvorleg sjukdom til heimebuande brukarar som utløyser store oppfølgingsbehov. I tillegg har tenesta fått fleire henvendingar frå born og unge som treng oppfølging. Det er tidskrevjande å søkje om hjelpemidlar og det er i dag venteliste. Ein erfarer at tenesta har for lite ressursar til å stette ein aukande etterspurnad for oppfølging og søknadar om hjelpemiddel. Det vil vera avgjerande at denne tenesta vert styrka for å kunne nå målsetjinga om at fleire skal bu heime i eigne heim lengre.

NAV

Nav yt tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV, og Lov om kommunale helse- og omsorgstenester til rusomsorga. Hovudvekt av tenester ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing og gjeldsrådgjeving.

I 2023 utarbeida kontoret 618 vedtak om økonomisk sosialhjelp, det er ein auke på 17 vedtak frå året før. I 2023 hadde me 84 brukarar det er ein reduksjon på 17 brukarar frå året før. NAV Fitjar har fire brukarar med sosialhjelp som hovudytning, mot fem i 2022. Fire brukarar har motteke økonomisk sosialhjelp i seks månader, mot seks året før.

Nav har dei siste åra hatt stort fokus med tiltak mot enkelt brukarar i aldersgruppa 18-30 år, som får tett individuell oppfølging. Tiltaka er knytt opp mot «Laget» og «NAV i vidaregåande/ ungdomskoordinator». Tiltaka har ei brei tverrfagleg tilnærming, noko som ein trur er ei føresetnad for dei gode resultata. Resultatet har vist at fleire er i arbeid, aktivitet, eller på rett trygdeordning. I tillegg til å støtte opp mot meistring på det individuelle plan, har ein redusert sosialutbetalingane sidan 2019 med omlag 1 mill.

Ruskonsulent og miljøterapeut føl opp personar med ein rusavhengigheit- og/ eller psykiatrisk diagnose, eller som står i faresona for å utvikla eit rusproblem. Det er utfordrande å kunne tilby tilrettelagte bustadar til personar som har ei rushistorie, og dei fleste har ei dårleg helse og har eit behov for tettare oppfølging enn kva dei i

dag får. Fitjar kommune fekk i 2023 prosjektmidlar for tettare buoppfølging for denne gruppa.

Nav fekk midlar hjå Statsforvaltaren i Vestland i 2022 til ei stilling, «Miljørettleiar», til å styrkje det rusførebyggjande tilbodet til barn og unge i alderen 15-18 år. Stillinga er tenkt til å stimulere og styrkje det noverande tverrfagleg/-etatleg samarbeidet internt i kommunen. Stillinga er delt mellom NAV Fitjar og Rimbareid barne- og ungdomskule.

Kommunane skal ha ei rådgjevande eining for russaker, denne eininga ligg no hjå NAV. Eininga har ansvar for å møte personar der oppmøte er sett som eit vilkår for ei bestemt strafferettsleg reaksjon jf. straffeloven §37 første ledd bokstav d.

I sak PS 6/23 "*busetjing av Ukrainske flyktningar*" datert 15.03.23 sa kommunestyret: "*ja, til å ta i mot 15 flyktningar i 2023 i tillegg til dei 24 flyktningane ein busette i 2022. I 2023 tok Fitjar kommune imot nye 15 flyktningar og hadde til saman 39 Ukrainske flyktningar. I perioden får oktober til desember valte 10 av flyktningane å flytte frå kommunen.*"

Busettingsarbeidet har gått som planlagt, og alle er kome i gang med introduksjonsordninga.

Utfordringsbiletet framover med busetting av flyktningar er å finne nok eigna bustadar, få plass på vaksenopplæringa på Stord og kapasitet i helsetenestene.

ETAT FOR OPPVEKST OG KULTUR

Økonomisk resultat

Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik
Skule- og oppvekstadm.	29 085	30 453	-1 369
Rimbareid skule	43 187	41 678	1 508
Øvrebygda skule	7 299	7 273	26
Selevik skule	5 131	5 027	104
Fitjarstølne barnehage	8 691	8 289	402
Kultur	2 872	3 151	-279
Sum	96 264	95 871	393

Etat for skule og oppvekst kjem ut med eit meirforbruk på om lag kr. 393 000,-.

Årsaker til meirforbruk:

- Det har vore eit meirforbruk til vikarar ved alle etatar. Dette skuldast høgare sjukefråvær enn tidlegare år, spesielt i haust. Dei tilsette i vikarpool ligg på Rimbareid, men har også vore brukt ved Øvrebygda. Samtidig har da Øvrebygda fått refusjonar for ein lærar heile hausten. Resultat er derfor eigentleg betre på Rimbareid og dårlegare på Øvrebygda.
- Meirkostnader på grunn av strakstiltak rundt enkeltelevar som har vore utfordrande.
- Større vedtak på §5-1 (spesialundervisning) enn ved vedtak rundt skulestart hausten 2023.
- Meirforbruk i barnehage kjem av større utgifter til §37-barn (individuell tilrettelegging) enn budsjettert.
- Auka kostnad for barn som går i barnehage i nabokommunane.
- Høgare pensjonspåslag enn budsjettert i barnehage.

Årsaker til mindreforbruk tilsvarande 1,55 mill.:

- Mindreforbruk gjeld m.a. innafor kultur, skuleskyss og ved helsestasjonen i tillegg til små mindreforbrukspostar.
- Vakante stillingar, blant anna psykolog.
- Lågare pensjonspåslag enn budsjettert i skulane.

Samla sjukefråvær for etaten vart 7,1 %, som er det same som i 2022. Dette skuldast i hovudsak ei ny koronabølge som treffe oss i 3. tertial 2023. Noko av langtidsfråværet kjem også av slitasje for dei tilsetja som har stått i dei tøffaste sakene i haust.

Felles

I år har det vore store utfordringar med tanke på å få inn vikarar på skulane, og det har ført til større overskridingar på vikarbudsjetten enn det er lagt opp til i budsjetten. I tillegg er det saker som har kravd strakstiltak med tanke på ressursar og ressursbruk. Fleire elevar med rett til spesialundervisning i opplæringslova §5-1, har fått auka timetalet i vedtaka sine etter nye sakkunnige vurderingar.

Måloppnåing

Mål 2023	Omtale	Resultat 2023
Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden.	Spesialundervisninga har variert dei siste åra. 8,0 % i 2019 9,1 % i 2020 8,2 % i 2021. 6,8 % i 2022 7,8% i 2023	Utviklinga varierer frå år til år, og det har komme fleire elevar inn i skulen med store vedtak, og det vil utfordra måltala.
Auka læringsutbytte. Heva verdiane slik at verdiane ligg minimum på nasjonalt nivå målt på nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn.	Har nesten greidd målet om at under 10 % av elevane skal vera på lågast nivå i matematikk og lesing. Har nådd målet om at over 25 % av elevane skal vera på det høgste nivået i engelsk og matematikk	Målsetjinga vart sist året skjerpa frå 15 % - 25 % på høgaste nivå. Gledelig framgang no tre år på rad. Ligg over landssnittet i engelsk og rekning. Målet delvis nådd.
Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbytte.	Betydeleg svakare resultat hausten 2023 enn dei siste åra. Trivsel, motivasjon og meistring heng saman med høge mobbetal på trinna. Bortsett frå 9-trinn, ligg tall på opplevd mobbing svært høgt i Fitjar. Samla sett meir enn ein av fem opplev mobbing.	Svært negativ utvikling på nokre trinn, og samla sett i 2023.
Kartleggja kompetansebehovet for gjennomføring av kompetanseløftet i barnehagane og skulane. Inngå avtale med HVL om kompetanseheving.	Kartlegginga er gjennomført. Kompetanseplanar har blitt laga. Avtale med HVL er på plass	Utført
"Fitjar for alle". Sikra sosial utjamning for barn og unge.	I 2023 har tilskot frå fritidskassen vore nytta til dette føremålet.	Utført
Ferdigstilling av ny kommunal barnehage sommaren 2023.	Delvis oppstart 01. august 2023. Alle barn på plass frå oktober	Utført, men med ei lita forseinking.
Ny skulebruksplan gjeldande frå 01.08.2023.	Kvalitetsdelen vedteken i kommunestyret i desember. Strukturdelen vart vedteken i mars 2023.	Utført
Ferdigstill plan for ny oppvekstreform/barnevernsreform.	Helse og oppvekst har laga plan for oppvekstreform.	Utført
Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov. Styrkje og utvikle tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule, både på system- og individnivå.	Jordmor er på plass i 100% stilling frå 01.05.23. Utviklar samarbeidet mellom helsestasjon og barnehage/skule blant anna gjennom BTI. Auka ressurs til helsestasjon	Utført
Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla- og etablera nye aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.	Aktivitetsnivået har vore aukande i 2023. Ordninga med fritidskassen har vore eit positivt innslag for auka aktivitet. Samarbeid må framleis opp på nokon områder.	Delvis oppnådd, men framleis noko å gå på.
Sjukefråværet skal vera under 7,5 prosent	Sjukefråværet i 2023 var på 7,1 %. Det er det same som i 2022.	Målet er nådd

Tverrfagleg innsats

Den tverrfaglege tenkinga rundt barn og unge som har utfordringar er stadig i utvikling. Samtidig tek det tid å endra ein kultur. BTI - systemet blir brukt i langt større grad enn før, og det fører til betre samarbeid og betre mogelegheit for målretta tiltak inn mot enkeltbarn i barnehagar og skular. Samarbeidet mellom skulekontoret,

barnehagane, skulane, helsestasjonen og kultursektoren vert sikra gjennom faste månadlege samarbeidsmøte.

Skulane

Starten av 2023 var prega av eit svært stramt budsjett i 2023, men måtte auka ein del i revidert budsjett då ein kunne sjå at det ikkje var realistisk å gi barn og unge den opplæringa dei hadde krav på.

Barn og unge skal ha eit kvalitativt skuletilbod i Fitjar kommune. Dei økonomiske rammene ein får tildelt vert nytta på ein god måte. I desember 2022 vart ny kvalitetsdel til skulebruksplanen 2023 – 2028 vedteken i kommunestyret.

Denne kvalitetsplanen har fokus på følgjande tre satsingsområde:

- Den inkluderande skule i Fitjar – alle skal med
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- Oppvekstreforma – ny barnevernsreform

Selevik skule:

Mål og måloppnåing for 2023:

- Kompetanseløftet: Implementering av arbeidsplanen har vist seg å vera inkluderande og tilpassa for alle elevar. Det gir fleksibilitet og valmoglegheiter, samtidig som det frigjer ressursar for individuell oppfølging.
- Uteskule: Aktiv bruk av nærmiljøet gjennom turar, lavvoaktivitetar og skulehage har bidrege til å skapa naturglede og variert undervisning.
- Skriving: Fokus på skriving som grunnleggjande ferdigheit har vorte styrkt gjennom praktiske aktivitetar og bevisstgjerjing av skriveprosessen.



Året som gjekk (utvikling og satsingar):

- Solidaritetsuke: Gjennom TV-aksjonen "La barn leve i fred" vart det samla inn kr. 11 672,- til Redd Barna gjennom ulike arrangement.

- Sosiale aktivitetar: Månadlege sosiale samlingar og økt fokus på lek har bidratt til å styrke skulemiljøet og trivselen blant elevane.
- Hjartesone: Innføringa av "Hjartesone" har forbedra trafikktryggleik rundt skolen og oppmuntra til fysisk aktivitet blant elevane.

Øvrebygda skule

Mål og måloppnåing for 2023:

- Satsingsområde inkluderte implementering av ny læreplan og arbeid med inkluderande praksis og samarbeid.
- Fokus på inkluderande skulemiljø og varierte undervisningsmetodar.



Året som gjekk:

- Utfordringar med stabilitet i bemanninga og rekruttering av vikarar.
- Gode aktivitetar som skuletur og kulturelle arrangement vart gjennomførte.
- Positiv tilbakemelding frå CISV-leiren på skulen.
- Auka arbeidspress på grunn av fleire elevar med spesielle behov.

Rimbareid skule

Mål og måloppnåing for 2023:

- Inkluderande skulemiljø som fremjar læring.
- Utvikling av undervisningspraksis i tråd med ny læreplan.
- Styrking av grunnleggjande ferdigheiter.

Året som gjekk:

- Elevundersøkinga 2023 viser utfordringar med trivsel og motivasjon, som vert møtt med intensivt arbeid innan trivsels- og mobbeførebygging. Skulen vektleggje kvaliteten på kap. 9A-saker for å sikra eit trygt og godt skulemiljø.
- Læringsutbytet blir analysert på klasse- og individnivå med fokus på grunnleggjande ferdigheiter. Resultata frå nasjonale prøver viser positive endringar på enkelte område, medan det er nedgang på andre. Skulen planlegg å halda høgt trykk på tiltak for auka læringsutbyte, særleg innan lesing, rekning og engelsk.

Dialogmøta legg grunnlaget for tilstandsrapporten for skulane som vart lagt fram for kommunestyret i juni.

Stortingsmelding 6 tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO er med på å forsterka oppdraget om tidleg innsats og ei universell tilrettelegging av undervisninga. Målsetjinga er å auka kompetansen blant dei tilsette, gje barn og unge tidlegare og meir målretta hjelp slik at behovet for spesialundervisning vert redusert.

Hausten 2021 vart det gjort ei kartlegging av kompetansebehov i alle skulane og barnehagane i kommunen. Resultatet vart lagt til grunn for ein kompetanseutviklingsplan for skulane for perioden 2022 - 2025. Spesialundervisninga har dette året auka frå 6,8 % til 7,8 %, grunna ei auke med fleire elevar som har behov for individuell tilrettelegging frå hausten 2023.

Førebyggjande arbeid i skulane

Alle skulane og nokre barnehagar har i fleire år vore med i den nasjonale satsinga "eit

inkluderande barnehage og skulemiljø. Skulane held fram med å nytta Zippys venner på 1.-4. trinnet, Det er mitt val på 5.-7. trinnet og MOT på 8.-10. trinnet for å førebyggja mobbing eller krenkelsar.

SLT koordinatoren har ei viktig oppgåve med å koordinera det førebyggjande arbeidet i kommunen. Gjennom faste



møtepunkt i koordineringsgruppa får ein verdifull informasjon om kva som rører seg blant barn og unge. Samarbeid med Bømlø og Stord er viktig i dette arbeidet saman med faste møter med politikontakten og politirådet. Det er i tillegg møtepunkt med konfliktrådet og nettverk i Sunnhordland og nord Rogaland.

IKT i grunnskulen

Det vart i 2023 kjøpt inn 6 Chromebook og 52 nye PC ar til elevar og tilsette. I tillegg har ein no prioritert å kjøpa inn nye digitale tavler. Dei gamle byrjar å bli utdatert og vedlikehaldet er kostbart. Det vart kjøpt inn 6 nye tavler. Desse er brukarvenlege og fungerer svært godt i møtet med elevane. Samla investering vart om lag kr. 605 000,- i 2023. Dette er om lag i tråd med budsjettet.

Elevane sitt læringsutbyte

Resultata av dei nasjonale prøvane på 5. trinnet i engelsk, lesing og rekning er samla sett veldig bra dette året. Me ligg på landsnittet i engelsk og over landssnittet i lesing og matematikk. 29 % av alle elevane på 5. trinnet er på høgaste nivået i lesing, noko som er langt over den nasjonale skåren, og i rekning er resultatet 37 % på høgste nivå. På landsbasis er det 24 % på høgste nivå. På nivå 1 er berre 10 % av Fitjarelevane, medan det same talet på landsbasis er 26 % i rekning.

8. trinnet har ligg under landssnittet både i lesing og rekning. 2 skalapoeng under snittet i engelsk og rekning, og 3 skalapoeng under i lesing. På 9. trinnet ligg ein godt over landssnittet i rekning og lesing på same måte som sist skuleår. Nær 60 % av elevane våre ligg på høgste og nest høgste nivå i både rekning og lesing. Dette utgjer 4 og 5 skalapoeng over landssnittet.

Det er interessant å sjå på tala set opp mot indikatorane på mobbing, trivsel og meistring/motivasjon. Då ser ein at det er ein klar korrelasjon med tanke på det trinnet som skårar klart best på nasjonale prøver og skårar høgt på indikatorane. Dette viser betydninga av å jobba med læringsmiljøet på trinn/klasse.

Våren 2023 vart det avvikla skriftleg og munnleg eksamen for fyrste gong på tre år (korona).

Vaksenopplæringa

Talet på personar med behov for norskopplæring har vore stabil i løpet av 2023, og dei fleste er Ukrainske flyktningar. Desse får no norskopplæringa si ved vaksenopplæringa på Stord der Fitjar kommune kjøper desse tenestene.

Helsestasjonen

Mål og måloppnåing for 2023:

- Rekruttera og behalda jordmor i 100 % fast stilling for å forbetra tenestetilbodet. Jordmor tilsett i 100 % stilling frå 01.05.23 med tidlegare erfaring.
- Oppfølging av gravide: Jordmor følgde retningslinjer for svangerskapsomsorg og tilbød omfattande oppfølging.
- Markedsføre HFU og gjennomføra planlagde tiltak. Jordmor leidde HFU frå mai 2023 med jamn tilstrøyming av ungdom med ulike helsebehov.
- Tverrfagleg samarbeid gjennom barselgrupper, felles rettleiing og deltaking i barneverns/oppvekstreform. Samarbeid med ulike instansar som barnehage, skule, og psykisk helse. Tett samarbeid med psykisk helsearbeidarar og oppfølging av elevsaker.

- Skulehelsetenesta har oppnådd mål om å utarbeide årshjul for samhandling, rutinar og prosedyrar hausten 2023.

Året 2023 frå 1. mai, har vore stabilt og lite prega av sjukdom. Jordmor er til stade fem dagar i veka, og har difor låg terskel for oppfølging. Jordmor har til tider tatt kontrollar for helsestasjonstenesta ved fråvær og særskild under ferieavvikling. Helsestasjon fekk òg ny leiande helsesjukepleiar i september. Det er utfordrande å få tak i helsesjukepleiarar, og dei som er tilsett har sjukepleiarutdanning, og tek utdanninga parallelt med å jobba på helsestasjonen.

Fitjar kommune har teke imot flyktningar frå Ukraina våren 2023, der helsestasjonstenesta har bidrege kring tuberkulosescreening, helsesamtale og vaksinasjonsstatus.

Også i 2023 har helsestasjonen gjennomført vaksining av utsette aldersgrupper og sårbare grupper. Leiande helsesjukepleiar har hatt hovudansvar for influensa- og koronavaksinasjon i haust. Tilsette i skular og barnehage fekk òg tilbod om influensavaksine hausten 2023.

I november var 4 tilsette+ Psykisk helsearbeidar på Cos kurs i Bergen for å sertifisere seg til å begynne med foreldrerettleiing i form av Cos-P.

Når det gjeld utvikling generelt opplev tenesta stor etterspurnad og behov hjå brukarar. Dette inneber ekstra samtalar/konsultasjonar kring ulike tema og utfordringar (t.d. amming, vekt, søvn, foreldrerolla), samt tverrfagleg samarbeid med andre tenester og instansar.

Kulturavdelinga

Mål og måloppnåing for 2023:

- E-sport senter i FKIB er etablert med støtte frå Engevik & Tislevoll AS og midlar frå Fitjar Kraftlag SA.
- Oppstart av rullering/ny kulturminneplan med støtte frå Vestland fylkeskommune.
- Smedholmen: Innvilga midlar til innvendig restaurering frå Miljødirektoratet og Fitjar kommune.

Årskog museum har gjennomført restaureringsarbeid.

- Galleri Losjen: To utstillinger blei arrangert.
- Den kulturelle spaserstokken: To arrangement ble gjennomført, og fondet har kr. 80 000,- per 31.12.23.
- LAN: Arrangement i samarbeid med Fitjar Kraftlag SA og ungdomsrådet med 70 deltakar.
- Spelemidlar 2023: Fleire søknader ble behandla, men ingen utbetalingar foreløpig.



Året som gjekk:

- Kulturminnevern: Kontinuerleg arbeid med kulturminnevern gjennom året.
- Kulturprisen 2023: Gjekk til Trygve Eiken.
- FKIB: Arrangementa inkluderte konserter, teater og seminara.
- Kommunale tilskot: Håkonarspelet fekk kr. 50 000,- i tilskot.
- Kulturmidlar: Fitjar kulturkontor delte ut kr. 50 000,- i kulturmidlar til lag og organisasjonar i 2023.
- Tilskot til verna kulturminne: Tildelt kr. 130 000,- fordelt på 2 søknadar i 2023.
- Ungdomsråd: Nytt ungdomsråd valt for perioden 2022-2024. Aktivitetar inkluderte FITJAR-LAN og deltaking i ulike arrangement og debatter.

I 2023 har kulturkontoret hatt høg aktivitet når det gjeld den daglege drifta. Talet på innbyggjarar som har vendt seg for å få råd og hjelp ha eit stort omfang. Publikumsretta bistand har vorte høgt prioritert. Det har

vorte jobba med å etablere E-sportssenter i FKIB.

Personal: Kultursjefstillinga blei auka med 8,67 %, finansiert med tilskot for revidering av kulturminneplanen, og sjukefråværet har vore lavt.

Bibliotek

Mål og måloppnåing for 2023:

- Å drive meir utadretta lesestimulering og bokformidling i fleire kanalar i prosjektet «Tips meg om ei god bok» som skal gjennomførast 2023 i samarbeid med skuleklassar.
- Å inspirere og informere om viktigheita med lesing, vidareføre element i prosjekt Bokstart; les for meg.
- Å gjere det lettare å orientere seg i bibliotekrommet.
- «Bokstart» har me til dels fått vidareført. Helsestasjonen har delt ut brosjyrar, bøker og gåvekort. Biblioteksjef har ilag med helse, helsestasjon, skulekontor og barnehagane hatt infomøte til 3 åringer.
- En viktig aktør i utforminga av leseplanen i Fitjar kommune.



Året som gjekk (utvikling og særskilte satsingar)

- Året har vore prega av delvis sjukefråvær. Biblioteket har åleine og saman med Frivilligsentralen hatt integrering i fokus.
- Språkkafe og kodedag med fokus på integrering. Me har hatt foredrag om hage- og plantestell, demensforedrag (Ingebrigt Steen Jensen) ilag med Stord folkebibliotek og andre. Bokslepp av

«Posten i Fitjar» (saman med Kulturkontoret), Vestlandsreiser, eit reise-foredrag.

- Hausten 2023 testa me ut laurdagsope bibliotek, og hadde to familiedagar, speledag (brettspel og Nintendo Switch), formingsdag i haustferien og juleverkstad.
- Biblioteket har laga bokkassar skreddarsydd til skuleklassane, arrangerte forfattarbesøk (1.klasse, 4.klasse, 7.klasse, 9.klasse), tek imot klassebesøk på biblioteket og arrangerer lesekampanjar som Sommarles (oppslutning 72,5 %) Fleire barnehagar nyttar seg av meir-ope tilbodet og låner bokkassar. Me har hatt lesestund i barnehagane. Biblioteket fekk nytt låssystem på døra ut i foajeen.
- Det har vore 2.344 personar som har nytta seg av ubemanna bibliotek. Det er ei auke på 8 % frå 2022 og heile 25 % auke frå 2021. Lånetala har også auka noko, både hos barn og vaksne. 1.486 personar, fordelt på 49 arrangement, deltok i 2023 på eit arrangement i regi av Fitjar folkebibliotek.

Fitjar kulturskule



Mål og resultat:

- Kulturskulen arbeider mot visjonen sin om å vera ein kulturell ressurs for alle i Fitjar kommune. Vidare skal kulturskulen yta tenester til kommunen sine innbyggjarar, skular, barnehagar og til det frivillige lag – og organisasjonslivet.
- Nasjonale målsetjingar, inkludert ei målsetjing om 30 % elevdel, vart ikkje nådd i 2023 grunna utfordringar som pandemi og samfunnsendringar.

Elevtalet auka likevel mot slutten av året, og det blir jobba med å halda fram denne positive trenden.

Året som gjekk:

- 2023 var eit bra år for oss i kulturskulen, til trass for ein lengre periode med utfordringar knytt til sjukemelding og permisjon.
- Våre elevar har i 2023 vore aktive med kulturelle innslag på ulike arrangement i kommunen. Oppdrag me set stor pris på å få, og som me gjerne stiller på så langt det let seg gjera.
- Dei arrangementa me har fått gjennomført, har vore godt besøkt, og tilbakemeldingane positive. Nedanfor er det kort skissert kva type arrangement

Når	Kva	Kvar	Elevar	Publikum
23. februar	Sjokolade-konsert	Amfiet, Rimbareid barne og ungdomsskule	Gitar og piano elevar.	
28. mars	Barnehage forestilling	Kultursalen og biblioteket i Fitjar kultur og idrettsbygg	Drama, danse og instrument alelevar frå kulturskule n, og Fitjar folkebibliotek.	Born frå barnehagane i Fitjar kommune.
15. juni	Sommar-konsert og kunst-utstilling.	Kultursalen, Fitjar kultur og idrettsbygg	Dans, song og instr. elevar.	
05. oktober	Sjokolade-konsert	Amfiet, Rimbareid barne og ungdomsskule	Gitar, song, fiolin og piano elevar.	
07. desember	Julekonsert	Fitjar kyrkje	Elevar på drama, dans, song, gitar, piano og skulekorps et.	

Barnehagane

Den samla kapasiteten ved alle barnehagane i kommunen gjer at Fitjar kommune ved hovudopptaket 2023 innfridde retten til barnehageplass. Fitjar kommune betalar ved utgangen av året for 5 plassar i andre kommunar. Samla har no 94,9 % av barna 1-5 år barnehageplass i kommunen, og dekninga er 98,1 % om en tek med dei barna som går i andre kommunar.

Talet på barn i barnehagane gjekk ned med 3 barn (frå 158 til 155) samanlikna med året før, noko som skuldast eit lågare fødselstal.

Fitjarstølane/Svingen

Mål og måloppnåing for 2023:

- Språk og kommunikasjon: Me har halde oppe planane våre rundt lesegrupper og har aktivt reflektert saman om justeringar og frekvens. Me har også styrkt bruk av alternativt supplerande kommunikasjon for barn som strevar med språket.
- Naturen: Me har halde fram med å fokusera på naturaktivitetar og ser gleder barna opplever når dei meistarar. Me tek til oss tilbakemeldingar om ønske om fleire langturar og jobbar med å leggja til rette for dette.
- Trygge barn i eigne kjensler: Me har jobba med å skapa eit miljø der barna kjenner seg trygga nok til å snakka med oss om vanskelege kjensler og situasjonar.
- Garden og matproduksjon: Sjølv om samarbeidet med Bondelaget og Stord-Fitjar landbrukskontor ikkje vart som forventa har me fortsett å engasjere barna i gardslivet og matproduksjon.

Året som gjekk:

- Samla sett har året vært preget av arbeidet med overgangen til ny barnehage, fortsett fokus på fagleg utvikling og tilpassing til endrande forhold. me fortsette vårt engasjement for å skape eit trygt og stimulerande miljø for barna våre. Svingen barnehage er med i regional kompetanseheving (REKOMP).
- Barnehagen har også dette året tilbode bading for 3 – 5 åringane grunna støtte til dette via Statsforvaltaren. Dette har vore ein kjekk tilleggsaktivitet for barna.

Svingen barnehage stod delvis ferdig 01.08.23, men på grunn av ein del manglar kunne ikkje heile barnehagen flytta inn på det tidspunktet. Dei store barna flytta inn i midten av oktober. Det har vore ein del utfordringar med underleverandørar som brukte lang tid på å få på plass nødvendig inventar. Uteområdet for dei yngste er framleis ikkje eigna for den aldersgruppa med for store høgder på eit av dei sentrale

leikeapparata. Barnehagen har ei kostnadsramme på 52,6 mill.



HMT

Fitjar kommune har gode rutinar for HMT i skulane og kommunal barnehage. I fjor sendte alle inn risiko og sårbarheits-analysar for den daglege drifta. Dette har gitt god kunnskap for det vidare arbeidet med å førebyggja «uønskte hendingar». Gjennom Compilo har skulane blitt flinkare til å melda frå om avvik.

Spesielt hausten 2023 auka meldingar om avvik. Det viser både dei utfordringane som er, men samtidig også at skulane bruker skjema i Compilo. Det ein ser at det er svært stor auke av vald og truslar i skulen i løpet av hausten 2023, spesielt på Rimbareid. Dette er ein nasjonal trend, men også ei lokal utfordring som det må jobbast vidare med i 2024.

Alle rektorane, barnehagestyrar, leiar ved helsestasjonen og ved kulturavdelinga gjennomfører medarbeidarsamtalar med sine tilsette. I desse samtalan vert det m.a. sett fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet. Skulane og barnehagen har eigne møteplassar for dei tilsette med tanke på å skapa eit godt arbeidsmiljø. Arrangementa i regi av velferdsklubben verkar også positivt på arbeidsmiljøet.

Sjukefråvær

Sjukefråværet innan oppvekst og kultur dette året vore på 7,1 %. Dette er det same som i 2022. Sjukefråværet ligg under målsetjinga for Fitjar kommune som er på under 7,5 %. For dei einingane som ligg over vil me gå inn å analysere tala, og setja inn nødvendige tiltak som kan få sjukefråværet ned. Sjukefråvær låg

forholdsvis lågt i store delar av 2023, men på slutten av året var det ein stor auke i sjukefråvær. Det var ein kombinasjon av ei bølge med koronavirus og annan sjukdom som til dømes influensa. I tillegg har det vore veldig vanskeleg å få fatt i vikarar, noko som igjen kan ha ført til slitasje og auka fråvær.

Personalsituasjonen og kompetanseheving

Samla er det pr. november 2023 90 årsverk innafor oppvekst og kultur. Fordelt på 61 heiltidsstillingar og 29 deltidstillingar. Einingane har tilsette som er godt kvalifiserte for dei arbeids-oppgåvene som dei utfører.

Kommunen har gode ordningar for vidare- og etterutdanning innafor skulesektoren. Dette året har 6 lærarar hatt frikjøp/stipendordning etter statleg/kommunal avtale. I tillegg har mange tilsette frå skulane og barnehagane vore på ulike webinar i regi av FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland).

Delen av lærarar med universitets/høgskuleutdanning er no tett oppunder 100 %. Talet på menn innafor oppvekst og kultur er altfor liten. Ved tilsetjingar der kandidatane elles står likt, vert menn "løfta fram".

I tillegg er ein av skulane og den kommunale barnehagen i eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet i forhold til kompetanseheving for dei tilsetja (Dekomp og Rekomp). Dette blir dekt av statlege tilskotsmidlar.

Ordninga med vikarpoolen har vore positiv, men samtidig har me sett at dei tilsetja i vikarpoolen fort har vorte sett inn i lengre vikariat ved sjukefråvær og andre permisjonar. Det har gjort at me har fått kvalifisert personell inn i dei stillingane. Ein såg likevel at i løpet av hausten var det uråd å få kvalifisert personell, blant anna til vikarpoolen. Det er ein trend som stemmer godt for heile regionen, og noko som vil utfordra oss i framtida.

ETAT FOR SAMFUNNSUTVIKLING OG DRIFT

Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik
Plan, byggesak og oppmåling	2 039	592	1 447
Drift og vedlikehald	23 769	22 499	1 270
VAR	-2 802	-2 391	-411
SFLMK	2 589	3 370	-781
Brann og beredskap	6 743	4 619	2 124
Sum Samfunnsutvikling og drift	32 338	28 690	3 649

Etaten har eit økonomisk resultat med vesentleg meirforbruk. Berre to avdelingar er i økonomisk balanse. Dette blir kommentert på den einskilde eining.

Etaten har eit samla sjukefråvær på 10,4 %, og målet er ikkje nådd i 2023.

Plan, byggesak og oppmåling

Avdelinga sitt økonomiske resultat er eit meirforbruk på 1,45 mill. Om lag 0,4 mill. i gebyrinntekter skulle ha vore ført på oppmåling på 2023, men på grunn av forseinka fakturering, vert dette beløpet bokført på 2024. Inntektene både på plan og byggesak har vore betydeleg lågare enn budsjettert, noko som bidreg til underskotet.

Mål og måloppnåing

Mål 2023	Resultat 2023
Gjennomføre minst 1 tilsyn i løpet av året	Mål oppnådd.
Ferdigstille adressering for bustader, starte arbeid med adressering Kråko	Delvis oppnådd adressering bustader. Kråko ikkje påbegynt.
Fortsetje arbeidet med planar i planregister.	Påbegynt, ikkje ferdigstilt.
Fortsetje arbeidet med å legge dispensasjonar i planregister.	Påbegynt, ikkje ferdigstilt.

Tilsyn

Kommunen som bygningsmynde fører tilsyn etter plan- og bygningslova. Kommunen er pålagt å føra tilsyn med at regelverket vert overhalde, og skal føre tilsyn i eit slikt omfang at den kan avdekke regelbrot, jf. plan- og bygningslova § 25-1. Strategi for tilsyn 2023-2026 vart vedteken i mars 2023. Avdelinga starta med tilsyn i 2022. I 2023 er det utført 1 tilsyn.

Sakshandsaming

Avdelinga har som mål å handsame alle saker innafor tidsfristar for sakshandsaming. Alle saker bortsett frå ei dispensasjonssak er handsama innan frist. Det har nokre gonger vore utfordrande å handsame dispensasjonssaker innan frist på grunn av synfaringar og møtekalenderen for PMU. Det er lagt opp til månadlege møter i PMU i 2024.

Overordna planar

Avdelinga hadde som mål å starte arbeidet med rullering av arealdelen til kommuneplanen (KPA) og få planprogrammet stadfesta. Me oppnådde desse måla.

Områderegulering for Fitjar sentrum vart vedteken med motsegner i 2023.

Planregister

Arbeidet med komplettering av planregisteret er påbegynt, men ikkje ferdigstilt.

Adressering

Avdelinga hadde som mål å gje adresser til alle bustader i kommunen, og starta arbeidet med adressering av fritidsbustader i Kråko i 2023. Førehandsvarsling av adresser til bustader i Engjavik, som var siste området utan adresse på fastlands-Fitjar, vart utført i 2023. Arbeidet med adressering i Kråko vart ikkje starta opp grunna bemanningssituasjonen siste kvartal.

Året som gjekk

Det har vore ein nedgang i mottekne byggesaker i 2023 samanlikna med tidlegare år.

Det er starta opp 3 nye private detaljreguleringsplanar i 2023:

- Smieskogen/Skulehaugane
- Drageidpollen
- Straumsreset

Personale

Avdelinga har tre årsverk.

Avdelinga har hatt eit høgare sjukefråvær enn normalt, samla på 15,4 %. Det er ei lita avdeling, slik at få sjukemeldingar fører til høg prosent sjukefråvær.

Det er gjennomført kurs i planregister og Gisline i regi av Norkart for heile avdelinga.

Ein tilsett i avdelinga har gjennomført matrikkelkurs del 1.

Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor (SFLMK)

Det interkommunale landbruks- og miljøkontoret har eit mindreforbruk på kr. 781 000,-. Årsaka er i hovudsak vakansar på avdelinga i samband med at landbrukssjef og rådgjevar skog og vilt slutta i sine stillingar 01.03.23.

Året som gjekk

Produksjonstilskot:

Det er berekna utbetalt kr. 21 089 885,- i produksjons- og avløysartilskot i jordbruket fordelt på 73 søknader i 2023. Seks av søkjarane er samdrifter. Disponibel mjølkekvote for Fitjar er 2 450 448 liter, fordelt på 10 føretak. Det er 51 føretak som driv med sau og i 2023 var det registrert 1 600 søyer og 1 912 lam slept på beite.

Det er berekna utbetalt kr. 642 491,- i tilskot gjennom ordninga Regionalt Miljøprogram, med grunnlag i 23 søknader for 2023. I tillegg er 73 250,- i tilskot berekna utbetalt til Fitjar beitelag og til Fitjarøyane beitelag, for ordninga organisert beitebruk (OBB).

Fitjar kommune fekk totalt tildelt kr. 35.000,- frå Statsforvaltaren i Vestland til investering i beiteområde ved første tildeling. Etter det vart meldt inn behov om meir midlar fekk me kr. 35 170,- til. Det kom inn 4 søknader, 1 søknader fekk innvilga kr. 15 170,- i tilskot og ein annan søknad fekk innvilga kr. 55 000,-.

Fitjar kommune fekk kr. 270 000,- i SMIL-midlar frå Statsforvaltaren i Vestland i 2023. Det vart løyvd kr. 452 320,- til 12 ulike tiltak.

SFLMK har sidan 2017 levert tenester til Austevoll kommune innan forvaltningsområda landbruk og vilt. Austevoll kommune har betalt kr. 1 158 300,- for kjøp av tenester av SFLMK i 2023. Stillingsomfanget vart auka med 15 % i 2021 og har sidan vore 4,75 årsverk.

Fitjar har eit solid og veldrive landbruk, og samla produksjonsomfang for næringa er på om lag same nivå som året før. Produktivt jordbruksareal vert halde ved lag, og me får nye dyrkingsareal gjennom nydyrking. Vekstsesongen var i 2023 god, og me fekk gode grasavlingar.

I desember 2023 sa Stord kommune opp avtalen med Fitjar kommune om interkommunalt samarbeid på landbruksskontoret. Avtalen gjeld ut året 2024. I lys av dette vert det ikkje mogeleg med nye faste tilsetjingar på kontoret. Miljørådgivar sa opp si stilling i desember, denne vert erstatta av eit vikariat som gjeld ut 2024.

Personale

Landbrukssjefen slutta i si stilling 01.03.23 samtidig som rådgjevar på skog og vilt gjekk av med pensjon. Kontoret hadde i ein periode frå 1. februar fram til 11. april berre tre tilsette, 2,75 årsverk.

SFLMK fekk ny rådgivar på skog og vilt i 11. april 2023. Fram til 21.08.23 var me ei 100 % stilling i manko på kontoret. Me fekk då tilsett ein vikar som rådgjevar på landbruk medan ei av dei tilsette gjekk over i stilling som fungerande avdelingsleiar og overtok ein del av dei arbeidsoppgåvene som hadde lege under landbrukssjefen. Dette skulle i første omgang gjelde ut 2023. Grunna Stord si oppseiing av avtalen vil Anette Mek Vik difor fungere som avdelingsleiar også over i 2024.

Eininga hadde eit samla sjukefråvær på 4,94 %. Dette er dobbelt så mykje som 2022.

Driftsavdelinga

Det er meirforbruk på omlag 1,3 mill. i 2023. Årsaka til dette er fleirdelt. Det er meirkostnader knytt til reinhald og leige av reinhaldsbyrå, dessutan bortfall av leigeinntekter på Årskog kai. Langvarig leigekontrakt på kaia vart avslutta i 2023. I tillegg er driftsbudsjettet for knapt til å kunna dekkja naudsynte og løpande driftsutgifter, sjølv ved nøktern drift. Etterslepet på vedlikehald på bygg og anlegg er betydeleg som fylgje av knappe ressursar over lang tid.

Året som gjekk

Investering

Me har gjennomført fleire investeringsprosjekt i 2023.

- Ferdigstilling av Svingen barnehage
- Oppgradering av Færøysundvegen
- Utsifting av gatelys til LED-lys
- Tilbygg til Søre Stølen 22

Me har kjøpt prosjekthotell for betre prosjektstyring.

Drift

Avdelinga har ansvaret for drifta av kommunale bygg og uteområde, og kommunale vegar og kaier. Avdelinga støttar etat for Helse og omsorg med hjelpemidlar, noko som utgjer omlag 50 % stilling.

Fitjar kommune har driftsavtale med Fitjar idrettslag om drift av idrettsanlegget, og avtale med entreprenørar om vintervedlikehald.

I 2023 har det vore mykje oppfølging knytt til vasskade på Rimbareid skule etter brannen, etterarbeid knytt til ferdigstillinga av Svingen barnehage, og arbeid med Gamle Vestbøstadvegen. Vegen raste delvis ut hausten 2023 og må gjenoppbyggjast.

Det er ferdigstilt trafiksikringstiltak i Koløyo, med støtte frå Vestland fylkeskommune.

Hausten 2023 vart det gjennomført eit større arbeid med å skifta gateljos til LED-ljos, for slik å bidra til å spare straum.

Avdelinga har få ressursar, og mykje tid går med til den daglege drifta. Større uføresette hendingar har vore krevjande for avdelinga å handtera.

Reinhaldsavdelinga sorterer også under avdelinga.

Personale

Vaktmeisterenesta hadde 5 årsverk i 2023, i tillegg til etatssjef og teknisk vakt.

Reinhaldsavdelinga hadde 6,29 årsverk i 2023. I 2023 har me jobba med organiseringa av avdelinga, og det er tilsett ny leiande reinhaldar.

Mangel på grunnbemanning kombinert med høgt sjukefråvær har ført til at det ikkje har vore tilstrekkeleg reinhald på alle bygga. Samfunnsutvikling og drift har ansvaret for. I 2023 har alle bygg i periodar måtte ha vorte nedprioritert og ikkje fått utført reinhald.

Sjukefråværet på reinhaldsavdelinga er 28,8 % i 2023, og det er tilsett fleire i lange vikariat. Innleige av reinhaldsbyrå har medført kostnader rundt kr. 150 000,-.

Vatn og avløp

Avdelinga sitt økonomiske resultat er eit mindreforbruk på 1,0 mill. (etter finanskostnader), noko meir enn budsjettert. Dette skuldast delvis større gebyrinntekter enn budsjettert. Det har vore arbeid med å fanga opp tilkopla abonnentar som ikkje har vore fakturert tidlegare.



Året som gjekk

I 2023 har me arbeidd mykje med investeringsprosjektet i Leirpollvegen der det no vert lagt ned ny kommunal infrastruktur. Arbeid med både grunnerverv

og oppfylging av byggjeprosjektet har teke mykje tid.

Avdelinga har elles ansvar for dagleg drift og vedlikehald av både vass- og avlaupsnettet.

Me inngjekk rammeavtale med Norconsult om rådgjevingstenester innan VA i 2023, og arbeid med vassnettsmodell og ROS-analyse for vassverket starta opp seinhaustes 2023. Dette arbeidet er forventa ferdigstilt seinvinteren/våren 2023, og vil munna ut i ei tilråding for vidare arbeid med vassnettet i kommunen.

Lekkasjeprosenten er høg på vassnettet, og kommunen står framfor eit omfattande arbeid knytt til lekkasjesøk. Dette arbeidet går føre seg fortløpande.

Personale

VA-avdelinga hadde 3,6 årsverk i 2023, ekskludert reinhaldarane (sjå under ansvar 3100 over).

Brann og redning

Det har vore eit meirforbruk på 2,1 mill. som i hovudsak er knytt til:

- Meirforbruk på lønsbudsjettet på grunn av tal og omfang på utrykkingar, samt kompetansehevande aktivitetar som til dømes kurs.
- Kostbare sertifikat og kurs.
- Vedlikehald og reperasjonar på gamalt utstyr.
- Høge straumutgifter grunna feil styring av vassboren varme.
- Innkjøp av naudsynt utstyr og verneutstyr.
- Auka kostnader i samband med nytt naudkommunikasjonssystem.
- Budsjettert med sal av varer og tenester som me ikkje har hatt kapasitet til å levera.

Budsjettet for 2023 har ikkje vore i samsvar med naudsynt og forsvarleg drift av brann- og redningsvesenet.

Mål og måloppnåing

Mål 2023	Resultat 2023
Vedlikehalde og auka kompetansen blant mannskap gjennom eigne øvingar og eksterne kurs.	Oppnådd
Førebyggjande tiltak er å utføre tilsyn på bustader, fritidsbustadar og særskilte brannobjekt i samsvar med regelverk.	Delvis oppnådd

Året som gjekk

Utviklingstrekka innan brann og redning dei seinare åra syner eit breiare spekter av oppgåver. I tillegg til dei tradisjonell oppgåvene har me no meir og meir arbeidsoppgåver innan akutthjelparfunksjon for helseføretaket og annan bistand til helse og politi. I tillegg utviklar samfunnet seg raskt og gjev stadig nye utfordringar for brann- og redningsvesenet. Til dømes har me måtta tileigna oss kunnskap om solceller, batteri og ulike drivstoffgassar som hydrogen.

Totalt var det 80 utrykkingar i 2023, mot 66 i 2022, 49 i 2021, og 38 i 2020. Det var stor variasjon i oppdraga og me hadde både bustadbrann, brann i komposteringsanlegg, fleire utmarksbrannar tett på bustadfelt, oljeutslepp med stor spreing, trafikkulykker og ulike rednings- og akutthjelparoppdrag for å nemna noko. Me har opplevd nedgang på tal på unødige brannalarmar på enkelte bygg, som viser at byggeigarar tar denne utfordringa på alvor når brann- og redningsvesenet følgjer det opp.

Fitjar brann og redning fekk levert ein ny UTV (terrenggåande køyretøy) i 2023. Denne kan til dømes nyttast til å frakte utstyr eller pasientar i terrenget.

Sommaren var prega av tørke og stor skogbrannfare. Det var tett koordinering mellom kommunane i Vest brann- og redningsregion, samt mot 110 Sør-Vest. I juni vart det innført totalforbod i mot å gjere opp eld utandørs. Bømlo fekk ein stor skogbrann der Fitjar brann og redning bidrog med ressursar.

I samband med brannvernveka vart det arrangert open brannstasjon med svært godt oppmøte. Det vart og gjennomført besøk i alle barnehagane i kommunen. Dei fekk besøk av brannbilen og førskuleborna fekk undervisning i brannsikkerheit, der kvart born fekk med seg Bjørnis-sekken med oppgåver heim. Etterpå vart alle førskuleborna invitert til brannstasjonen der dei fekk helse på Bjørnis. Dette er eit viktig førebyggjande arbeid der ein når alle born som går i barnehage og familien deira.

Stord brann og redning har bidratt med ressursar for gjennomføring. Det er ynskje om å ta opp tilsvarande undervisningsopplegg for grunnskulen i 2024 i samarbeid med Fagne DLE.

Fitjar kommune har avtale med Stord kommune om tilsyn og feing for bustadhus og fritidsbustader. Arbeidet med å legge om til lovpålagt behovsprøvd feing og tilsyn ut i frå aktuell risiko er snart i mål, men me treng 2024 før me har kartlagt alle objekta. Stord brann og redning gjennomfører og tilsyn med særskilte brannobjekt i Fitjar og dette må ha større fokus framover.

På slutten av året vart arbeidet med revidering og utarbeiding av lovpålagde analysar starta. Brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter seier at brann- og redningsvesenet skal organiserast, bemannast og utrustast på bakgrunn av ein risiko- og sårbarheitsanalyse, ein førebyggjande analyse og ein beredskapsanalyse. Dette arbeidet fortset i 2024.

Personale

Fitjar brann og redning fekk nyttilsett brannsjef i 80 % stilling i 2023. I tillegg til å vera brannsjef skal vedkommande og dekkja dei lovpålagte stillingane leiar beredskap og leiar førebyggjande. I tillegg til brannsjef er det 14 deltidsmannskap. Det er starta rekruttering av eit mannskap for å stetta krav til minimum tal på mannskap som er 16 stk. 4 av mannskapa er godkjente som utrykkingsleiar.

Mannskapa har kompetanse i samsvar med krav i brann og redningsforskrift, med eit

unntak for brannkonstabel under utdanning. Mannskapa har fått det tal praktiske øvingar som det var planlagt for. Det har og vore gjennomført retrening og godkjenning som akutthjelpar, med instruktør frå Norsk luftambulans, samt retrening i overflateredning. Frammøte ved utrykkingar og øvingar er i hovudsak god, men det er utfordringar på dagtid da mange har arbeidsstad utanfor kommunen. Ein er og sårbar ved sjukdom og ved feriar/høgtider.

Fitjar brann og redning har framleis ikkje etablert ordning for lovpålagt overordna vakt (innsatsleiar brann) eller stadfortredar til brannsjef (varabranssjef). Det vart starta opp arbeid for å søkja løysingar om samarbeid med nabokommunar og dette fortset i 2024.

Det har ikkje vore registrert personskeadar på mannskap i 2023.



Foto: Trond Helge Søreide



Bjørnis er på besøk

Foto: Trond Helge Søreide



Open dag på brannstasjonen

ADMINISTRASJON OG POLITISK LEIING

Måloppnåing

Mål 2023	Omtale	Oppnådd mål for 2023
Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar og vil gje raskare sakshandsaming og lågare administrasjonskostnader.	Digitalt time- og fråværsregistreringssystem Pureservice sitt sakssystem (Portalen) for løn og personal	
Sjukefråværet skal vera under 7,5 %.	Sjukefråværet for 2023 for administrasjonen og politisk leiing var 6,8 %.	

Økonomisk resultat

Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik
Politisk leiing	4 687	5 461	-773
Administrasjon	20 359	15 965	4 394

Politisk leiing sitt økonomiske resultat syner eit mindreforbruk på nær 0,8 mill. Hovudårsaka er knytt til mindreforbruk av tilleggslyvingsposten.

Administrasjonen syner eit meirforbruk på om lag 4,4 mill. Det var to større prosessar, der me hadde behov for ekstern hjelp. Dette kulminerte med sluttavtalen til Kommunedirektøren. Desse to prosessane påførte etaten ekstrakostnader på om lag 3,7 mill. Då er ikkje ekstrakostnader med politisk handsaming teken med.

Vidare slår Stord sin del av innsparing på SFLMK ut på inntektene på etaten med ca. 0,2 mill.

Økonomikontoret hadde eit meirforbruk på kr. 250 000,-. Det meste er knytt til leveransen frå Stord kommune, og underleverandør, for rekneskapssystemet og lønsarbeid. Noko skuldast utgifter knytt til utviklingsarbeid i digitaliseringsprosessen.

Også ordførar hadde eit meirforbruk. Noko av dette skuldast endra premissar etter valet.

Strategisk leiing

Kommunedirektøren er kommunen sin administrative toppleiar. Strategisk leiing er samansett av kommunedirektør, ass. kommunedirektør, økonomisjef, etatssjef for oppvekst og kultur, og etatssjef for helse- og omsorg, og etatssjef for samfunnsutvikling og drift.

Netto driftsutgifter til administrasjon i prosent av totale utgifter



Ny etatssjef for samfunnsutvikling og drift, Louise Christine Pettersen, starta i stillinga 01.03.23.

Etatssjef for oppvekst og kultur, John Karsten Raunholm gjekk av med pensjon 30.06.23, og André Sæthre starta som etatssjef for eininga 01.08.23.

Personalavdelinga

Personalavdelinga har 2,8 årsverk, der ass. kommunedirektør er ein av desse. Prioriteringar har vore sjukefråværs-oppfølging, HMT- arbeid, leiarforum, grunnkurs i arbeidsmiljø, partsamarbeid med hovudtillitsvald og rekruttering. Det har vore høgt fråvær på avdelinga gjennom store delar av året.

Kundetorget

Kundetorget har i 2023 hatt 2,45 årsverk. Prioriterte arbeidsoppgåver er sentralbord, post- og journalføring, sak- og arkivansvar, politisk sekretariat, innsynskrav, kontaktpersonar for ulike tilsyn og forvaltningsrevisjon. Hausten var det lokalval og nytt kommunestyre blei vald. Året har vore prega av arbeid med arkivtilsynspålegg.

IT-avdelinga

IT avdelinga har 2,8 årsverk. Faglege prioriteringar er drift og utvikling av kommunen sine IT system, brukarstøtte, og leverandørdialog. Særlege satsingar i har vore styrking av brannmur, digitalisering av prosessar, og oppgradering av infrastruktur og fastvare.

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga har 3,1 årsverk. Hovudoppgåvene er budsjett og økonomiplanen, tertialrapportering, fakturabehandling, pensjonsrettlegg, controller, rekneskap, eigedomsskatt, lån- og gjeldsforvaltning og rapportering av dette. Eigedomsskattekontoret ligg også til avdelinga.

I 2023 har økonomiavdelinga sine fagfolk via eigedomsskattekontoret hatt ansvar for klagehandsaming. Dei har hatt ansvar for all sakshandsaming knytt politiske for takst- og klagenemnda sitt arbeid.

Driftsstøtte frå leverandøren til rekneskapssystemet varierer frå år til år. I 2023 var det naudsynt å nytta dei meir enn normalt.

Det er blitt jobba med digitalisering innanfor løn og personal. Det er mellom anna innført digitalt time- og fråværsregistreringssystem for administrasjonen og nokre fleire mindre avdelingar. Løn og personal har også teke i bruk Pureservice sitt sakssystem (Portalen)

for å oppnå betre systematikk og effektivitet i handtering saker.

Beredskap

Kommunen har beredskapsråd, kriseleiing, psykososial krisegruppe og Fitjar brann- og redning. Kommunedirektøren leiar kommunen sin beredskap og kriseleiinga.

Ny brann og beredskapsleiar, Trond Helge Søreide, starta 15.08.23, etter at Tore Nesbø gjekk av med pensjon.

Me innførte i 2019 den årlege "Beredskapsveke" i januar for heile organisasjonen. I 2023 gjennomførte KKL i veke 3 ei øving kring IKT tryggleiken i kommunen.

Næringsutvikling

Kommunedirektør-nivået har jobba særskilt med stimulering til næringsutvikling, som kontakt med aktørar, eigedomsutvikling og ferdigstilling av reguleringsplan for Fitjar sentrum. Frå hausten 2023 har dette ansvaret blitt overført til ordførar.

I 2023 vart det gjennomført 3. gangshøyring for sentrumsplanen. Statsforvaltaren og NVE har kome med motsegn. Statsforvaltaren i høve utfylling i sjø ved Fitjarelva. NVE i høve flaumfare m.m. Meklingsmøte vart avtala til januar 2024. Det vart gjort vedtak i august om oppheving av vedtak om mellombels bygge- og delingsforbod innafor plangrensa.

Kommunen har særleg arbeida med næringsutvikling knytt til Årskog industriområde.

Både Lerøy og Noa-Krafla-prosjektet har medført ei styrka interesse for næringsområdet på Årskog – samstundes som det minkar på det ledige arealet.

Parallelt med dette arbeidet har ein oppfordra private aktørar til å sjå nærare på utvikling av moglege framtidige næringsareal i Fitjar. Dette gjeld i hovudsak for områda på Landa og ved Sandvikvåg der det allereie er satt av areal i kommuneplanen. I samband med revisjon av KPA må det leggjast vekt på å kartleggja nye næringsområde som kan vera aktuelle.

Næringsprisen 2023 gjekk til Fitjar småbåt AS.

Fitjar Kommune
v/kontrollutvalet
PB 83
5418 Fitjar

15. april 2024

Revisjonsrapport nr. 31
(journalførast)

REVISJONSRAPPORT 2023

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2023, og vil nytt høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

Revisjonen av årsoppgjeret

Fitjar kultur og idrettsbygg AS	Utleie av egen eller leid fast eiendom	AS	69,76 %
Fitjar utvikling AS	Utvikling og salg av egen fast eiendom	AS	50,0 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS (Region Sunnhordaland)	Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeid	IKS	12,5 %
Sunnhordaland interkommunale legevakt IKS	Allmenn legetjeneste	IKS	9,2 %
Opero Holding AS	Annen undervisning ikke nevnt annet sted	AS	6,03 %
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	IKS	5,15 %
Vann Vest AS	Annen teknisk konsulentvirksomhet	AS	4,34 %
Atheno AS	Bedriftsrådgiving og annen administrativ rådgivning	AS	3,91 %
Hordfast AS	Eiendomsforvaltning	AS	3,37 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Drift av arkiver	IKS	2,78 %
Krisesenter Vest IKS	Omsorgsinstitusjoner	IKS	1,77 %
Haugaland Kraft AS	Energi	AS	0,2%

3 Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

3.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar av den kommunale verksemda

- Forvaltningsrevisjon av institusjon og heimetenestene – 2023
- Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, vedtaksoppfølging og byggesakshandsaming - 2021
- Forvaltningsrevisjon av IKT-tenesta - 2018

3.2 Tidlegare gjennomførte eigarskapskontrollar

- Eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS - 2021

3.3 Tilsyn

Statsforvaltar i Vestland har gjennomført fleire tilsyn med Fitjar kommune dei siste åra.

I 2020 blei det gjennomført tilsyn av etterleving av pasient og brukarettlova kap. 4A.

I 2021 blei det gjennomført ein kontroll av Stord og Fitjar landbrukskontor. Vidare gjennomførte Arbeidstilsynet er postalt asbesttilsyn same år.

I 2022 gjennomførte Statsforvaltar i Vestland tilsyn med arkivholdet i kommunen og med kommunalt avløp (forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13). Vidare gjennomførte Mattilsynet ein revisjon av anleggstenesta.

I 2023 gjennomførte Mattilsynet ein revisjon/inspeksjon av anleggstenesta.

I 2024 skal Statsforvaltar gjennomføre kommunetilsyn med kommunens forsøplingsmyndighet (§ 28). Fitjar er også ein av kommunane som vil svare på spørjeskjemaundersøkingar frå Statsforvaltar i Vestland knytt til helse og sosial.



4 Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll som er identifisert innan dei respektive verksemdsområda for Fitjar kommune som er gjennomgått.

Overskriftene i kapittel 4.1-4.4 følgjer den administrative organiseringa i Fitjar kommune.

Risikonivå er i tabellane farga med raud som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risiko
	Høg risiko og/eller vesentlege område På områder som er merket med rødt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan være høg risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll, og/eller at det har store konsekvensar for kommunen dersom identifiserte risikoar skulle inntreffe.
	Middels risiko og/eller vesentlege område På områder som er merket med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan være middels risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll, og/eller at det har middels store konsekvensar for kommunen dersom identifiserte risikoar skulle inntreffe.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige, og at vurderingane er baserte på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leinga i kommunen.

4.1 Sektorovergripande funksjonar

I Fitjar kommune er assisterande kommunedirektør og økonomisjef organisert direkte under kommunedirektør. Økonomisjef leiar økonomiavdelinga og eigedomsskattekontoret. Assisterande kommunedirektør har ansvar kommunen som barnehagemynde, personal, IKT, kundetorget og arkiv.

Tabell 3: Identifiserte risikoområder knytt til sektorovergripande funksjonar

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
Personalforvaltning og sjukefråvær Andre tertial 2023 var det samla sjukefråværet i Fitjar kommune 8,4 %. Dette er ein nedgang frå 2022 då det samla sjukefråvær i Fitjar kommune var 9,6 %. Målsetninga for det totale sjukefråværet er 6 % og to einingar i kommunen har sjukefråvær på under 6 % (administrativ leiing og plan/teknisk drift). I intervju blir det vist til at ein forvaltningsrevisjon knytt til sjukefråværsarbeidet kunne vore nyttig, då kommunen har utfordringar med å nå målsetningane innanfor dette område. Både i budsjettet for 2024 og i intervju blir det vist til at kommunen har sett i verk tiltak for å unngå utgifter knytt til bruk av vikarbyrå ved sjukefråvær. Kommunen har oppretta vikarpool i både pleie og omsorg (4 vikarstillingar) og innanfor oppvekst (1-2 vikarstillingar). I intervju blir det vidare vist til at kommunen har utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell innanfor enkelte fagområdet. Det blir mellom anna vist til at ein konkurrerer med nabokommunar om kompetanse og at Fitjar kommune må arbeide for å gjere seg attraktiv som arbeidsgjevar. Både i intervju, spørjeundersøking og i prosessmøte som blei gjennomført med kontrollutvalet blir det vist til særlege rekrutteringsutfordringar innanfor pleie og omsorg. I spørjeundersøkinga blir det kommentert at det er utfordringar med arbeidsmiljø innanfor nokre område. Det blir også vist til tilfelle der søkjarar på stillingar i kommunen ikkje har fått svar når dei har søkt på utlyste stillingar.	 Risiko knytt til: • Sjukefråværsoppfølging • Rekrutteringsarbeid • Tilsetjingsprosessar
Investering og økonomistyring Investeringsprosjekt kan utgjere risiko for kommunen, ettersom det er snakk om store summar, og at kommunen kan miste økonomisk og politisk handlerom ved budsjettsprekk på store prosjekt. I fleire intervju blir det peika på at det 28. april 2021 blei vedtatt å bygge ny barnehage i kommunen og at det blei sett av 29 millionar i økonomiplanen til dette prosjektet. Prosjektet er no ferdigstilt og kostanden for prosjektet blei over 50 millionar. I intervju blir det vist til at kommunen har knappe ressursar knytt til investeringar i kommunen og at det ikkje er tilstrekkelege ressursar å støtte seg på i arbeidet med investeringar.	 Risiko knytt til: • Budsjettoverskridingar • Høg gjeldsgrad • Budsjettkontroll • Prosjektstyring

I budsjettet for 2024 går det fram at investeringsbudsjettet er prega av avgrensa ressursar til å gjennomføre investeringstiltaka. Ein prøvar derfor å avgrense talet, slik at dei investeringane som blir vedteke, faktisk kan blir gjennomførte. Dei største investeringane i perioden 2024-2027 er mellom anna utbetring langs Leirpollvegen, lokale ENØK-tiltak, renovering av kunstgrasbane samt ventilasjonsanlegg Rimbareid skule.

Anskaffingar og innkjøp

Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøpar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området. Anskaffingsregelverket stiller også krav i lov og forskrift til at det skal stillast miljøkrav i anskaffingane, og at klimavennlege løysingar skal fremjast der det er relevant.

Fitjar kommune er ein del av Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum saman med kommunane Stord, Bømlo, Kvinnherad og Tysnes.

I intervju går det fram at anskaffingar er eit område det er risiko knytt til mellom anna på grunn av få ressursar som arbeider med dette i sentraladministrasjonen. Etatsleiar for drift og samfunn har eit overordna ansvar og kommunen har i utgangspunktet ein ressurs i 20% stilling knytt til innkjøp. Det blir vidare peikt på at det er ein fordel for kommunen å vere ein del av Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum. Utover dette må kvar etatssjef mellom anna inngå rammeavtale for sin sektor.

Risiko knytt til:

- Kostnadsineffektive innkjøp
- Innkjøpskrav knytt til klima og miljø
- Kontraktsoppfølging
- Leverandøroppfølging
- Rutinar og kontroll

Internkontroll og kvalitetsarbeid

Fitjar kommune nyttar Compilo som verktøy for kvalitetssikring og internkontroll.

I intervju går det fram at Compilo nyttast aktivt av tilsette til å melde avvik. Fleire kommenterer at det har blitt arbeidd mykje med å etablere ein avvikskultur i kommunen.

Vidare blir det vist til at dei fleste prosedyrane og rutinane som føreligg i Compilo er utdaterte og at mange skulle vore revidert for 10 år sidan. Det blir kommentert på kvalitetssystemet i kommunen ikkje er levande når det gjeld rutinar og dokumentasjon og det visast til døme på prosedyrar og rutinar som er 3500 dagar over revisjonsdato. Det blir vidare peikt på at det rutinar og prosedyrar kan vere lagra lokalt til dømes i ulike Teams-kanalar og at dette bidreg til risiko for ulik bruk og ulik kjennskap til desse.

Risiko knytt til:

- Utdaterte rutinar og prosedyrar
- Tilgjengelegheit av rutinar og prosedyrar
- Bruk av funksjonar i kvalitetssystemet

Etikk og varslingsrutiner

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at kommunen har etablert etiske retningslinjer som blir revidert og stadfesta i kvar kommunestyreperiode. Dei etiske retningslinjene og kommunen sine varslingsrutiner er tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetssystem. I intervju blir det vist til at kommunen sine varslingsrutiner er oppdaterte.

Risiko knytt til:

- Kjennskap til etisk regelverk
 - Brot på etisk regelverk
 - Habilitetsvurdering
-

Både i intervju og i møte med kontrollutvalet blir det peikar på at det blant leiarane i kommuneadministrasjonen har vore fleire utskiftingar den siste tida og at fleire leiarar slutta etter varslingar og samarbeidsutfordringar. Store utskiftingar utgjør i seg sjølv ein risiko for kontinuiteten i arbeidet.

- Tillit

Arkiv og offentlegheit

Fitjar kommune innførte frå 1. januar 2022 ei ny innsynsløysing for postjournal, politiske møte og møtedokument.

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at kommunen planla å digitalisere eigedomsarkivet dette året, men at dette prosjektet ikkje blei satt i gong.

I intervju blir det vist til at dei fleste opplever at Fitjar kommune sitt sak/arkivsystem bidreg til at dokument blir arkiverte i tråd med regelverket.

I 2022 blei det gjennomført eit arkivtilsyn frå Arkivverket. I årsmeldinga frå 2022 går det fram at oppfølgingsplanen til kommunen blei godkjent av Arkivverket og at avvika blir lukka i perioden 2022-2024. I økonomiplan 2024-2027 går det fram at kommune har intensivert arbeidet med arkivering som følgje av tilsynet. Tiltaka vil mellom anna bidra til auke tilgjengelegheit til arkivert materiale.

Risiko knytt til:

- Brot på regelverk
- Personopplysningar
- Publisering av offentlege dokument
- Openheit
- Arkiveringspraksisar

Kunstig intelligens og bruk av velferdsteknologi

Kunstig intelligens (KI) er allereie, og vil i framtida vere noko kommunen må forholde seg til og kunne dra nytte av i stadig større grad. Iveretaking av personvern i samband med bruk av kunstig intelligens er eitt av risikoområda innanfor dette.

I økonomiplan 2024-2027 går det fram at omsorgsteknologi i form av mellom anna kunstig intelligens kan bidra til at den enkelte pasient/brukar kan klara seg sjølv til tross for sjukdom og- eller nedsett funksjonsevne. Det går vidare fram at omsorgsteknologi vil vere eit viktig fokusområde i 2024. I intervju blir det også vist til at ein ynskjer å rette fokus mot velferdsteknologi innanfor pleie og omsorg, men at det er ein risiko at kommunen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse, tid og ressursar til å sikre tilstrekkeleg opplæring i bruk av denne teknologien.

Fitjar kommune har ikkje utarbeidd ein overordna strategi eller plan for bruk av kunstig intelligens.

Risiko knytt til:

- Rettleiing og opplæring av tilsette i forsvarleg bruk
- Ivaretaking av personvern ved bruk
- Utnytte KI til å effektivisere og sikre kvalitet i arbeidsprosessar

Beredskap

Det er utarbeidd ei heilskapleg risiko- og vesentleganalyse for Fitjar kommune (vedtatt i kommunestyret 24. februar 2022).

Fitjar kommune har beredskapsråd, kriseleiing og psykososial krisegruppe og kommunen deltek i Statsforvaltar i Vestland sine fylkesdekkande beredskapsøvingar.

I spørjeundersøkinga blir det gitt uttrykk for bekymring knytt til beredskap i kommunen. Det blir mellom anna vist til konkrete hendingar som ikkje har blitt handtert etter fagleg beredskapsmetodikk og det blir vist til at dette kan ha store

Risiko knytt til:

- Systematikk i beredskapsarbeidet
- Overordna beredskap
- Handtering av alvorlege hendingar
- Liv og helse

konsekvensar både for kommunen og for samfunnet. Det blir mellom anna peika på at kommunen i dag ikkje etterlever lovpålagde beredskapsoppgåver og at fokuset på beredskap i kommunen er for lågt.

Informasjonstryggleik og personvern

I intervju blir det vist til at det alltid vil være ein risiko knytt til IKT-tryggleik. Samtidig har det vore høgt fokus på dette med IKT-tryggleik i organisasjonen. Fleire kommenterer at IKT-leiar har høgt fokus på dette. Mellom anna har alle tilsette gjennomført e-læringskurs og IKT-leiar har reist ut til alle arbeidsplassane for opplæring og informasjonsarbeid. Nyleg innførte ein også to-stegsinnlogging på kommunale PC-ar.

I spørjeundersøkinga blir det stilt spørsmål ved Fitjar kommune sin IT-tryggleik. Det blir peikt på at det er sårbart for organisasjonen at IKT-leiar har mykje ansvar aleine og at det er behov for meir formell kompetanse og betre barrierar for å handtere sårbarheiter og ta større avgjersler til dømes knytt til val av løysingar.

I intervju blir det også vist til at kommunen har vurdert å inngå i større samarbeid for å sikre eit større fagmiljø og dermed minimerer risikoen for avvik. Det blir samtidig peikt på at det er fordelar med å kommunal IKT-teneste tett på dei andre tenestene i kommunen til dømes i samband med innføringa av to-stegsinnlogging.

Saksførebuing og vedtaksoppfølging

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det i nokre tilfelle manglar opplysningar i saksførebuingssdokumenta og at ein ikkje alltid har tatt med brukarperspektivet i saksførebuingane. Det blir også problematisert at vedtak ofte tar lang tid og at administrasjonen ikkje tilstrekkeleg rapporterer til politisk nivå om vedtak er iverksett eller ikkje. Det blir kommentert at det ved nokre høve har kome fram informasjon munnleg i møte frå administrasjonen som burde ha vore belyst i saksframlegget.

I intervju blir det vist til at det er etablert eit system og årshjul for saksførebuing og vedtaksoppfølging og at dette tidlegare har fungert godt. Samtidig blir det vist til at dei siste åra har vore prega av uro i sentraladministrasjonen, noko som kan ha forseinka ein del prosessar. Det blir vist til at dette vil vere eit viktig ansvar når kommunen tilsett ny kommunedirektør.

Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av saksførebuing, vedtaksoppfølging og byggesakshandsaming i 2020. Her blei det mellom anna peikt på at Fitjar hadde mangelfulle malar og rutinar innan saksførebuing og vedtaksoppfølging.

4.2 Helse, sosial og omsorg

Helse, sosial og omsorg omfattar mellom anna heimetenester, Fitjar bu og behandlingssenter (institusjon), habilitering, NAV, helsestasjon, omsorgsbustad, førebyggjande tenester, lege, sosialtenester, fysioterapi/ergoterapi, psykisk helse og rusteneste.



Risiko knytt til:

- System og rutinar knytt til informasjonstryggleik og personvern
- Datainnbrot og tap av verdier



Risiko knytt til:

- Kvalitet i saksførebuinga
- Iverksetting av politiske vedtak
- Samhandling mellom politisk og administrativt nivå
- Roller og ansvar

Fitjar har eit interkommunalt samarbeid med kommunane Stord og Bømlo om legevakttenesta samt eit samarbeid med fleire kommunar i Vestland fylkeskommune om Krisesenter Vest IKS.

Tabell 4: Identifiserte risikoområder knytt til helse og omsorg

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
Legeteneste Tal frå Helse Norge viser at det er tre fastlegar i Fitjar kommune. Pr. mai 2024 har ingen av desse ledig kapasitet og ingen har open venteliste. I budsjettet for 2024 går det fram at om lag 700 innbyggjarar i kommunen manglar fastlege. I både prosessmøte med kontrollutvalet, budsjettet for 2024 og i fleire intervju går det fram at kommunen har hatt utfordringar med å rekruttere fastlegar. Dette medfører at kommunen brukar store summar på vikarar. Det blir i prosessmøte med kontrollutvalet og i intervju opplyst at kommunen ser på ulike alternativ for organiseringa, mellom anna oppsett av turnus for fastlegar. Fitjar er med i eit interkommunalt samarbeid om legevakt med Stord og Bømlo kommune. Det har vore naudsynt å auke kapasiteten på legevakta, noko som medfører ein auka kostand på 430 000 kroner for Fitjar kommune i 2024. I undersøkinga blir det uttrykt at ordninga med interkommunal legevakt fungerer etter intensjonen.	 Risiko knytt til: • Fastlegekapasitet • Rekruttering • Organisering av arbeidet
Fitjar bu- og behandlingssenter I Fitjar kommune sitt budsjett for 2024 blir det peikt på terskelen for å tildelt ein sjukeheimplass er høgare enn tidlegare. Pasientar frå spesialisthelsetenesta blir også tilbakeført til kommunane på eit tidlegare tidspunkt ein før, noko som legg ytterleg press på kapasiteten i kommunale tenester. Tal frå KOSTRA viser at Fitjar kommune har lågare utgifter til kommunale helse- og omsorgstenester per. innbyggjarar (NOK 42 140) enn gjennomsnittet for kommunegruppa (NOK 53 209) i 2023. Vidare er delen innbyggjarar over 80 år og eldre med institusjonsopphald noko høgare (12,3 %) enn for resten av kommunegruppa (11,5 %). I spørjeundersøkinga blir det peikt på at institusjonstenesta er prega av høgt sjukefråvær blant tilsette. Sjukefråvær og utfordringar med å rekruttere fagpersonell førar til utstrekt vikarbruk. I spørjeundersøkinga blir det mellom anna kommentert at pasientar får eit forsvarleg tilbod, men at dei tilsette ikkje klarar å levere den kvaliteten dei ønsker på grunn av manglande helsepersonell. Det blir vist til at det er særleg utfordrande å gje pasientar på korttidsopphald/rehabilitering god nok oppfølging. Det formidlast at bemanningsutfordringane førar også til høgare arbeidspress og meir overtid, noko som igjen resulterer i sjukefråvær. Det blir i spørjeundersøkinga formidla at prosedyrar i liten grad blir oppdatert i kvalitet- og avvikssystemet, Compilo. Det blir også vist til	 Risiko knytt til: • Rekruttering og bruk av vikarar • Rutinar og prosedyrar • Omstilling av organisering og oppgåvefordeling

at det ikkje er ei klar retningslinjer for kven som skal oppdaterer rutinane til institusjonane og at system og rutinar ikkje blir brukt i arbeidskvardagen. Vidare blir det opplyst at tilsette får lite opplæring i ulike system, som journalsystem, noko som medfører risiko for feil og pasientsikkerheit. Det blir også vist til at det er ein generell stor motstand mot endringar i tenesta, som førar til lite effektiv drift og dårleg utnytting av helsepersonale.

I 2023 gjennomførte Deloitte forvaltningsrevisjon av institusjons- og heimetenestene i Fitjar kommune. Undersøkinga peikte mellom anna på at kommunen ikkje sikrar tilstrekkeleg kvalifisert bemanning til ei kvar tid, at det ikkje er gode rutinar og praksis for bemanningsplanlegging, samt at kommunen ikkje arbeider systematisk nok for å sikre nærvær i tenestene.

Heimeteneste

Tal frå KOSTRA viser at Fitjar kommune har ein lågare del av innbyggjarar på 80 år og over, som brukar heimetenester enn gjennomsnittet i kommunegruppa (24,0% i Fitjar mot 31,2% i kommunegruppa).

I årsmeldinga for 2022 går det fram at dagtilbodet for demente (eit tilbod for demente som bur heime) hadde få brukarar i 2022.

I tal frå KOSTRA står det oppgitt av ingen innbyggjarar mellom 67-79 år deltok i dagaktivitetstilbod i 2022 og 2023.

I fleire intervju blir det vist til at det er utfordrande å vite kvar i omsorgstrappa ein skal plassere tenestene og det derfor er ein risiko for at eldre blir buande heime for lenge. Deloitte gjennomførte ein forvaltningsrevisjon av institusjons- og heimetenesta i kommunen i 2023. Her blei det mellom anna peikt på at kommunen burde sørge for tilstrekkeleg samhandling mellom utøvande tenester og tenestekontoret og at desse blir jamleg evaluerte.

Risiko knytt til:

- Kompetanse og kapasitet
- Brot på lover og regelverk
- Dagtilbod til eldre innbyggjarar

Fysio- og ergoterapitenesta

I fleire dokument blir det peikt på at det er stor pågang for oppfølging og opptrening i Fitjar kommune mellom anna blir det i årsmeldinga frå 2022 peikt på at det blir stadig meir krevjande med oppfølging kring alvorleg sjukdom til heimebuande brukarar.

Tal frå KOSTRA viser at Fitjar kommune ligg om lag på gjennomsnittet for kommunegruppa når det gjeld fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar på sjukeheim (0,33 i Fitjar mot 0,35 i kommunegruppa).

I spørjeundersøkinga blir det problematisert at det er for lite ressursar i fysio- og ergoterapitenesta, som igjen går utover tenestetilbodet. Vidare blir rehabilitering peikt på som eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon i spørjeundersøkinga.

Risiko knytt til:

- Tenestetilbod

Rus- og psykisk helsetenester

I budsjett for 2024 blir det peikt på at ein ser vesentleg vekst i nye brukarar med samansette behov innan psykisk helse. Det går også fram at betalingsplikt for overliggjardøgn i spesialisthelsetenesta innan rus og psykiatri ha auka presset på behandlingsskapasiteten og kvalitet i tenesta.

I budsjett for 2024 blir det peikt på at det er knytt særleg utfordringar til sosialhjelpsmottakarar med alvorlege rusproblem. Det blir vist til at mangel på permanente bustader for dei som manglar buevne og som er i aktiv rus, fører til eit auka press på tenesta.

I Intervju går det fram at kommunen i dag manglar tenester for dei tyngste og eldste innbyggjarane med utfordringar med rus og psykisk helse. Det blir vist til at kommunen pr. i dag ikkje har eit døgntilbod til denne gruppa (det einaste døgntilbodet i kommunen er sjukeheims plass). Det blir samtidig peikt på at kommunen har fått styrka tenestene dei siste åra og at ein opplever mindre uro blant brukargruppa.

Tal frå KOSTRA viser at netto driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem pr. innbyggjar 18-66 år har blitt redusert frå 2021 til 2022. Summen pr. innbyggjarar har gått frå NOK 694,2 i 2021 til NOK 207,6 i 2022 i Fitjar kommune.

Habiliteringstenesta (Miljøterapeutisk avdeling)

Habiliteringstenesta yt tenester til personar med omfattande og samansette behov, her under til personar med nedsett funksjonsevne/psykisk utviklingshemming. Eininga består av avdelingane Havnauset, Gartneritunet og dagtilbodet i Bakken.

Det blir i budsjett for 2024 påpeikt at habiliteringstenesta er ei krevjande teneste som krev høg grad av individuell tilpassing. I budsjettframlegget har kommunen dermed omgjort ei 40 % fagstilling til leiarstilling.

I prosessmøte som blei gjennomført med kontrollutvalet, blir det vist til at det utfordrande å sikre tilstrekkeleg bemanning ettersom det er høg grad av sjukemeldingar og mange som sluttar i enkelte delar av habiliteringstenesta. Det blir som følge av dette stilt spørsmål ved om arbeidsmiljøet er godt nok. Vidare blir det stilt spørsmål om brukarmedverknaden og informasjon til pårørande er tilstrekkeleg.

I spørjeundersøkinga blir det også peikt på at det er utfordrande å rekruttere støttekontaktar til tenesta. Det blir vidare uttrykt bekymring for at Fitjar kommune manglar avlastningstilbod til barn og unge med store samansette utfordringar. Kommunen har heller ikkje bufelleskap for barn og unge med store hjelpebehov. Det blir mellom anna peika på at kommunen ikkje har ein eigen barnekoordinator, men kjøper desse tenestene frå nabokommunar utan at det dekkjer behovet. Det blir peikt på at Fitjar kommune på grunn av desse manglane ikkje vil klare å yte lovpålagte tenester i åra som kjem.



Risiko knytt til:

- Tenestetilbod til ulike grupper
- Bustadar til innbyggjarar med utfordringar med rus
- Brot på regelverk knytt til tenester til innbyggjarar med rus og/eller psykisk helseutfordringar



Risiko knytt til:

- Tenestetilbod til ulike brukargruppe
- Kapasitet, kompetanse og bemanning
- Brukarmedverknad
- Pårørandemedverknad
- Etterleving av lover og regelverk

NAV kommune

I budsjett for 2024 blir det kommentert at kommunen har som mål at ingen innbyggjarar i kommunen skal leve under fattigdomsgrensa. Dette blir det vist til at kommunen skal oppnå målet ved å styrke sosialhjelpsmottakarar si tilknytning til arbeid eller utdanning slik at dei kan forsørge seg sjølv.

Tal frå KOSTRA syner at del sosialhjelpsmottakarar av innbyggjarane var 2,8 % i Fitjar kommune i 2023. Dette er noko lågare enn prosentdelen i kommunegruppa som var 3 %. I budsjettet for 2024 blir det opplyst at kommunen hadde motteke 290 søknadar om sosial stønad per 01.10.2023. Det var per oktober 2023 registrert 102 aktive brukarar, der 4 fekk rein sosialhjelp.

I budsjett for 2024 går det fram at personar i kommunen som er i aktiv rus er ei krevjande gruppe som generer mykje arbeid hjå NAV. Fast utdeling av LAR har medført mindre uro i brukargruppa og minka arbeidspresset hjå dei tilsette.

Det blir vidare opplyst om at kommunen har hatt ei auke i del brukarar innan sosialhjelp og at dette har samanheng med at kommunen har tatt i mot Ukrainske flyktningar som ikkje er starta i introduksjonsprogrammet. Det er i budsjettet lagt opp til at kommunen skal ta imot 15 nye ukrainske flyktningar, kor dei vaksne skal delta introduksjonsprogrammet i eitt år.



Risiko knytt til:

- Tilbodet til sosialt og økonomiske vanskelegstilte

Samhandling knytt til sårbare barn og unge

Barnevernsreforma, gjeldande frå 01.01.2022, og ny barnevernslov, gjeldande frå 01.01.2023, gir kommunen meir ansvar for førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Dette krev større grad av samhandling på tvers av tenester og nivå i kommunen.

Fitjar kommune har utarbeid ein overordna plan for oppvekstreforma. Her blir det mellom anna løfta fram at samhandling mellom tenestene ikkje er tilstrekkeleg. Det blir mellom anna peikt på at det førebyggjande arbeidet ikkje er godt nok rigga frå bekymring blir oppdaga i skule/barnehage/helse før det eventuelt blir tilvist til andre tenester. Det blir vidare kommentert at barn og unge i dag kan få avslag på tenester frå BUP fordi reforma legg opp til at utfordringane skal løysast på kommunalt nivå. Dette til trass for at kommunen ikkje har desse ressursane og tenestene.

Våren 2022 gjennomførte Fitjar kommune ein medverknadsundersøking som viste at det var behov for ei teneste med utgangspunkt i psykisk helse.



Risiko knytt til:

- Tenestetilbod
- Rutinar og praksis for samarbeid på tvers av tenestene
- Rutinar og praksis for oppfølging av sårbare barn og unge i kommunen
- Kompetanse og kapasitet

Barneverntenesta

Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB) er barnevernstenesta for kommunane Fitjar, Stord og Bømlo, der Stord er vertskommune. I Fitjar kommune er det tilsett ein familierådgjevar. I intervju blir det peikt på at dette er ein viktig ressurs for kommunen i arbeidet med barn og unge. Vidare blir det både i intervju og i prosessmøte med kontrollutvalet understreka at



Risiko knytt til:

- Informasjonsarbeid til andre tenester
- Evaluering av tiltaksplanar

konsekvensane dersom barneverntenesta ikkje fungerer vil vere store.

I tal frå Bufdir sin kommunemonitor går det fram at Fitjar kommune har betydeleg lågare utgifter til barnevern pr. barn i befolkninga 0-17. I 2023 var kostnaden for Fitjar kommune NOK 9374 kr og summen for gjennomsnittet i Noreg var NOK 14 397 kr. Vidare var utgifter pr. barn i barnevernet NOK 161 414 kr i Fitjar. Talet for Noreg var NOK 219 881 kr.

Tal frå Bufdir viser vidare at det ikkje ble registrert fristbrot for undersøkingar i tenesta første halvår i 2023, men at det var fristbrot i 7,1% av undersøkingssakene i andre halvår i 2023. Vidare var det ingen barn med hjelpetiltak som hadde evaluert tiltaksplan i andre halvår av 2023.

I intervju og i prosessmøte blir det uttrykt usikkerheit knytt til korleis barnevernstenesta fungerer i kommunen og om saker i tilstrekkeleg grad blir følgt opp. I både prosessmøte og spørjeundersøkinga blir det stilt spørsmål ved om tilsette i kommunen er godt nok kjent med meldeplikta og arbeidet til barnevernstenesta.

- Oppfølging av og tenester til sårbare barn og familiar

4.3 Oppvekst og kultur

Etat for Oppvekst og kultur i Fitjar kommune består av kultursektoren, helsestasjon, kommunale barnehagar og alle skulane i kommunen.

Tabell 5: Identifiserte risikoområder knytt til oppvekst og kultur

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
Barnehage I Fitjar kommune valde tre private barnehagar å legge ned drifta i løpet av kort tid i 2022/2023. Kommunen gjekk då frå fem til to barnehagar. I både prosessmøte, intervju og spørjeundersøkinga blir det peikt på at dette utgjør ein risiko for barnehagetilbodet i kommunen. Tal frå KOSTRA viser at det netto driftsutgifter for barnehage pr. innbyggjar 1-5 år i Fitjar kommune er lågare enn kommunegruppa. I 2023 var utgiftene i Fitjar kommune NOK 196 570 kr og NOK 230 272 kr i kommunegruppa. I Fitjar kommune sin barnehageplan 2020-2030 går det fram at barnehagane i kommunen oppfyller pedagognorma, men med dispensasjon. I spørjeundersøkinga blir det peikt på det er for lite tid til felles møte for mellom anna utvikling og refleksjon i barnehagen fordi ein må prioritere dagleg drift og arbeidet saman med borna. Dette kan vere til hinder for utviklingsarbeidet. I intervju blir det peikt på at ein kan sjå aukande utfordringar med utagerande barn i barnehagealder. Dette kan til dømes vere slag, spark, ufin ordbruk og raserianfall. Det blir vist til at desse	 Risiko knytt til: • Kvaliteten i barnehagetilbodet • Rolla som barnehagemynd • Overgang mellom barnehage og skule

utfordringane eskalerer når barna blir eldre. I intervju blir det også stilt spørsmål ved korleis kommunen legg opp overgangen mellom barnehage og skule.

I intervju blir det vist til at ein rådgjevar har fått rolla som barnehagemyndig og at vedkommande samarbeider med skulane angående arbeidet med trygt og godt barnehagemiljø.

Vald og truslar mot tilsette i skulen

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at kommunen manglar kompetanse og rutinar rundt vald og truslar ved skulane og at dei tilsette er usikre på korleis ein skal handtere krevjande saker. Vidare blir det i spørjeundersøkinga stilt spørsmål ved i kva grad kommunen har god oppfølging av tilsette som opplever stor arbeidsbelastning og låg meistringsskjensle, særleg som følge av uønskt/grenseoverskridande elevåtferd.

I prosessmøte med kontrollutvalet går det fram at det har vore fleire episodar med utagering og vald mot lærarar i kommunen.

I intervju går det fram at vald mot tilsette i skulen er ei vedvarande utfordring. Det blir vist til at kommunen har satt i verk tiltak, men at det også er nokre økonomiske grenser som kva tiltak kommunen kan iverksette. Det blir vidare vist til at fleire elevar ikkje har reguleringsevne og det blir stilt spørsmål ved om desse elevane får det dei har krav på av oppfølging og støtte.

Det blir også peikt på at det dei siste åra er etablert ein sterk kultur for å melde avvik i skulesektoren. Det blir vist til at det kan vere krevjande å følge opp avvika fordi mange forventar ei umiddelbar løysing etter at avviket er meldt.

Risiko knytt til:

- Brot på lov og forskrift i arbeidsmiljølova
- Førebygging av vald og truslar
- Oppfølging og handtering av avvik

Tilpassa opplæring, individuell tilrettelegging² og PPT

Fitjar kommune har felles PP-teneste med kommunane Stord og Tysnes. Stord kommune er vertskommune for samarbeidet.

Frå 1. august 2024 vil ny opplæringslov tre i kraft.

I budsjett for 2024 blir det vist til at enkeltvedtaka om spesialundervisning har større omfang enn tidlegare, samtidig som kommunen har som mål å halde omfang av spesialundervisning til under 7 %. Hausten 2023 var det 7,6 % av elevane som har spesialundervisning.

Tal frå KOSTRA viser at årstimar med spesialundervisning er høgare for Fitjar kommune (196,4) samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa (162,3). Forskjellen var om lag like stor i 2022.

I intervju blir det ytra bekymring om at PPT brukar for langt tid på gjennomføre sakkyndig vurdering. Det blir også vist til elevane ikkje alltid får den undervisninga dei har krav på i enkeltvedtaket. I intervju blir det peika på at det i eit tilsyn frå Statsforvaltar i Stord kommune blei avdekket av sakshandsamingstida til PPT var for lang. Det blir vist til at dette truleg også er tilfelle for Fitjar. Vidare blir det peika på at det kan vere utfordrande å få kontakt med PPT når ein opplever at det er behov for det.

Risiko knytt til:

- Etterleving av enkeltvedtak
- Tilpassa opplæring
- Implementering og etterleving av ny opplæringslov

² Frå 1. august 2024 vil ikkje opplæringslova lengre nytte omgrepet «spesialundervisning». Omgrepet vil bli erstatta med «individuell tilrettelegging».

I intervju blir det også stilt spørsmål ved om elevane ved skulane får det dei har krav på i enkeltvedtak om spesialundervisning. Det blir vist til at tilbakemelding frå tilsette er at det er utfordrande å følgje opp innhald i enkeltvedtak.

Skulemiljø

Fleire peikar i intervju og i prosessmøte med kontrollutvalet på at skulemiljø er eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon.

Resultata frå elevundersøkinga for grunnskulane har variert i Fitjar dei siste åra. I resultata frå 2024 har delen elevane som svarer at dei har opplevd mobbing vore svært høg. Mellom anna opplyser 16,3 % av elevane ved 7. trinn at dei opplever mobbing. 21,4 % av elevane ved 10. trinn svarar at dei opplever ei auke i mobbing.

Både i intervju, i spørjeundersøkinga og i intervju blir det uttrykt bekymring over at skulemiljøet har utvikla seg i negativ retning. Det blir mellom anna peika på at utfordringane gjeld for stadig yngre born og at utfordringane blir større og større. Samtidig blir det også vist til at det er få elevar i Fitjar og eit ei sak på eitt trinn kan utgjere stor forskjell på resultata.

I intervju blir det vidare peikt på sjølv om kommunen har system og rutinar for å handtere desse sakene etter lovverket, er det likevel usikkerheit knytt til den praktiske handteringa og dokumentasjon i sakene.

I ny opplæringslov (frå 1. august 2024) får skulane også ei lovfesta plikt til å følgje opp elevane sitt skulefråvær. I spørjeundersøkinga er det fleire som kommenterer det manglar system for å hindre skulevegning og stort fråværet. Dette aukar risikoen for at elevar får lengre fråværsperiodar frå skulen.

I intervju får revisjonen opplyst at det er planlagt eit tilsyn av trygt og godt skulemiljø ved Rimbareid barne- og ungdomsskule.³

Risiko knytt til:

- Elevrettar
- Systematisk skulemiljøarbeid
- Etterleving av krava i opplæringslova
- Konsekvensar for enkeltelevar

Helsestasjon og skulehelseteneste

Det blir i budsjett for 2024 vist til at kommunen dei siste åra har styrka helsestasjonen med prosjektmidlar og auka tilgjenge til helsesjukepleiarteneste. Samtidig blir det i intervju peikt på at det har vore utfordrande å rekruttere helsesjukepleiarar til tenesta. Kommunen har tilsett sjukepleiarar som har gjennomført etterutdanning som helsesjukepleiar etter tilsetjing.

I intervju blir det formidla at elevar på skulen opplever lav tilgjenge på helsesøster ved skulane, og det blir peikt på at det kan gå veker mellom kvar gong helsesøster er på skulen. Det blir stilt spørsmål ved om dette kan ha samanheng med høg turnover av personell på helsestasjonen.

I spørjeundersøkinga blir det vist til at det manglar system og rutinar for arbeidet og at det tar mykje tid med opplæring i tenesta. Det blir kommenter at det manglar rutinar på grunn av lite kapasitet til dette utviklingsarbeidet. Det blir mellom anna peikt på at leiar har kombinert stilling som leiar og utøvande

Risiko knytt til:

- Kvalitet i tenesteytinga
- Rutinar og prosedyrar
- Kapasitet og kompetanse

³ Det framgår ikkje informasjon om dette tilsynet i Statsforvaltar i Vestland sin tilsynskalendar.

helsesjukepleiar og at det har vore mykje utskifting av personale. Dette har ført til at det har vore lite tid til systemarbeid i tenesta. Det blir kommentert at det er større fare for dårlegare kvalitet på tenestene til brukarane og at det at nytilsette er usikre på korleis dei skal utføre ulike oppgåver utgjer at det er større fare for at det blir gjort feil.

Tal frå KOSTRA viser at Fitjar kommune er om lag på same nivå som kommunegruppa når et gjeld heimebesøk av jordmor innan tre døgn etter heimkomst, heimebesøk av helsesjukepleiar til nyfødde. Fitjar ligg litt under gjennomsnittet for kommunegruppa når det gjeld undersøking ved 2-års alder.

I intervju går det fram at Fitjar kommune pr. april 2024 ikkje har kommunepsykolog.

Kultur og fritid

Tal frå KOSTRA viser at Fitjar har lågare netto driftsutgifter i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter med 2,1 %. Talet for kommunegruppa er 4,1 %. Fitjar kommune har også lågare besøk i folkebiblioteket per innbyggjar og utlån pr. innbyggjar samanlikna med kommunegruppa. Vidare er kommunen omtrent på nivå med kommunegruppa når det gjeld talet på born i alderen 6-15 år som er elevar ved kulturskulen.

I intervju blir det kommentert at det er låg risiko knytt til kulturfeltet i kommunen og det blir mellom anna til at det er utarbeidd kulturminneplan for kommunen. Samtidig blir det kommentert at kulturområde fort kan blir gløymd samanlikna med andre sektorar som skule og helse.

I prosessmøte med kontrollutvalet blir det kommentert at det blir gjort mykje godt arbeid på dette område i samarbeid med frivilligheita. Det blir samtidig peika på at kommunen må oppretthalde gode tilbod innanfor kultur og fritid for å bidra til folkehelsa. Det blir vidare vist til at det har vore uro knytt til søknadsordninga for kulturmidlar i kommunen mellom anna med tanke på utlysing og frist for søknad.

Risiko knytt til:

- Søknadshandsaming
- Oppfølging, forvaltning og rapportering av tilskotsmidlar

Vaksenopplæring

Fitjar kommune kjøper norskopplæringstenester frå Stord kommune.

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at personar med behov norskopplæring har auka betydeleg i løpet av hausten 2022 på grunn mottak av ukrainske flyktningar.

Kommunestyre i Fitjar stemte 14.03.2024 for at kommunen skal ta imot ukrainske flyktningar. Vedtaket fekk merksemd i media då kommunen utelukkande skal ta imot flyktningar frå Ukraina. Bakgrunnen for dette var kapasitet i tenesteapparatet i kommunen.

Risiko knytt til:

- Kapasitet i tenesta

4.4 Samfunnsutvikling og drift

Etat for samfunnsutvikling og drift består av avdeling for landbruk og miljø (SFLMK), teknisk avdeling, plan og miljø og byggesakshandsaming.

Tabell 6: Identifiserte risikoområder knytt samfunnsutvikling og drift

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
Stord og Fitjar landbruks- og miljøkontor Fitjar kommune har lenge vore vertskommune for samarbeid med Stord kommune om felles landbruks- og miljøkontor. Kommunestyret i Stord vedtok 30. september 2023 å seie opp denne avtalen. Avtalen har eitt år oppseiingstid. I årsmeldinga for 2022 går det fram at det er berekna utbetalt kr 17 129 859,- i produksjons- og avløysartilskot til jordbruket fordelt på 71 søknader i Fitjar kommune i 2022. Vidare går det fram at landbruks- og miljøkontoret har hatt eit positivt årsresultat på grunn av vakanse. Tal frå KOSTRA viser at Fitjar kommune har høgare brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per. landbrukseigedom enn kommunegruppa i 2022 og 2023. I årsmeldinga for 2022 går det fram at Fitjar i 2022 har eit samla produksjonsomfang for næringa om lag på same nivå som før. I intervju går det fram at Fitjar kommune no ser på moglegheitene for å inkludere andre kommunar i samarbeidet. Det blir også peikt på at ein må gjennom ein prosess med å fordele dei tilsette ved kontoret etter at avtalen med Stord kommune går ut. Vidare blir det vist til at ein på landbruks- og miljøkontoret gjennomfører same type sakshandsaming som innan plan og bygg, men at dette område får mindre merksemd.	 Risiko knytt til: • Etterleving av regelverk etter endring i organisering • Tap av kompetanse • Oppfølging, forvaltning og rapportering av tilskotsmidlar • Sakshandsaming
Fitjar brann- og redning I årsmeldinga frå 2022 går det fram at utviklingstrekka innan brannvernarbeidet dei seinare åra syner eit breiare spekter av oppgåver. I 2022 opna ny brannstasjon i Fitjar kommune. Tala frå årsmeldinga i 2022 viser at beredskapsarbeidet i Fitjar kommune hadde eit meirforbruk på 1,3 millionar og at mykje av meirforbruket var Fitjar brann- og redning. I intervju er det fleire som viser til eit meirforbruk i Fitjar brann og redning. Det blir mellom anna vist til at det kan være verdt å vurdere kva beredskapsnivå ein skal ha i brann og redning i Fitjar kommune og kor mykje dette skal koste. Samtidig blir det vist til at det er utfordrande å planlegge for kor mange uttrykkingar som blir gjennomført i løpet av eit år. I følge tal frå KOSTRA er årsgebyr for tilsyn og feiing om lag det same i Fitjar kommune som gjennomsnittet for kommunegruppa. Fitjar kommune har også hatt noko fleire bustadbrannar pr. 1000 innbyggjarar i 2023 samanlikna med resten av kommunegruppa.	 Risiko knytt til: • Økonomi- og kostnadskontroll • Etterleving av lover og forskrifter

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at brann- og redningstenesta ikkje leverer pålagte tenester i tråd med lov og forskrift. Det blir spesielt peika på utfordringar med å etterleve forskrift om brannførebygging, forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann og forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften). Det blir også vist til at det er utfordrande for dei tilsette å sette seg inn i system og rutinar på grunn av låge stillingsprosentar og vanskelege innloggingsprosessar i kommunen sitt system. Vidare blir det kommentert at det er utarbeidd ROS-analyse med tilhøyrande analyser, men at det ikkje er ressursar i tenesta til å arbeide med å lukke avvika som blei avdekka. Det blir kommentert at potensielle konsekvensar er at Fitjar og brann- og redning ikkje kan gjennomføre oppgåvene sine.

Vatn og avløp

Tal frå KOSTRA viser at årsgebyr for avlaupstenesta i Fitjar er høgare enn for gjennomsnittet i kommunegruppa. I 2023 var årsgebyret NOK 7690 kr i Fitjar og NOK 5529 kr i kommunegruppa. Sjølvkostprosenten er 100% i Fitjar kommune og 99% i kommunegruppa.

Når det gjeld kommunalt drikkevatn viser tal frå KOSTRA at årsgebyret for vassforsyning i Fitjar kommune var NOK 6388 kr i 2023 (ekskl. mva). Gjennomsnittet for kommunegruppa var NOK 4951 kr (ekskl. mva).

I følgje tal frå KOSTRA var 78,3 % av innbyggjarane i Fitjar kommune tilknytt anlegg der reinsekrav er oppfylt.

I intervju blir det vist til at kommunen har utfordringar med lekkasje av vatn og at om lag 60 prosent av vatnet forsvinn i lekkasjar og at kommunen er godt kjent med denne utfordringa. Vidare blir det peikt på at kommunen skal kunne levere vatn til innbyggjarane og at ein pr. i dag er avhengig av at det ikkje er avvik ved vassverka i kommunen. Ein er i gong med å utarbeid ein plan om levering av reservevatn for at kommunen også skal kunne handtere produksjonsstans.

Det blir vidare peikt på at nye krav frå EU sitt vassdirektiv vil medføre auka krav for kommunen og truleg medfører auka i kostnader for kommunen og for innbyggjarane.

I 2021 gjennomførte Statsforvaltar i Vestland tilsyn med kommunale avløp (forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13). Vidare gjennomførte Mattilsynet en revisjon av anleggstenesta same år. I 2023 gjennomførte Mattilsynet igjen ein revusjon/inspeksjon av anleggstenesta/drikkevatn i Fitjar kommune.

Klima og miljø

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at Fitjar kommune skal kutte sine klimagassutslepp med 70% innan 2030.

Risiko knytt til:

- Økonomi- og kostnadskontroll
- Etterleving av reinsekrav
- Beredskap
- Sjølvkost

Risiko knytt til:

- Etterleving av egne og nasjonale målsettingar
-

Fitjar kommune sine kommuneplan 2020 – 2040 samfunnsdel erstatta klimaplan frå 2009. Her blir tiltak i kommunen kopla til FN sine berekraftsmål.

I den norske stats kommunalbank (KBN) går det fram at den største utleppskjelda i Fitjar kommune er sjøfart. Pr. mai 2024 har kommunen fem prosjekt der kommunen har fått finansiering gjennom grøne lån:

- Slamavskiljar Fiskanestet
- Ny barnehage
- Miljøgate
- Hurtigladarstasjon
- Hovudplan vatn og avløp med miljøprofil

På KBN sine sider blir det vist til at det er høg overgangsrisko i Fitjar kommune. Det vil seie at innbyggjarane i kommune truleg vil bli råka dersom det blir lågare aktivitet og utfasing av olje- og gassverksemd.

I 2024 skal Statsforvaltar gjennomføre kommunetilsyn med kommunens forsøplingsmyndighet (§ 28).

Plan og bygg

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at alle saker i løpet av året er behandla innan frist for sakshandsaming. I 2022 blei det sakshandsama 77 byggesøknadar (I 2021 blei det handsama 91 søknadar). Årsmeldinga frå 2022 viser også at det har vore eit meirforbruk innan plan, byggesak og oppmåling i 2022.

I intervju blir det peikt på at det kan vere krevjande å nå sakshandsamingsfristane. Samtidig blir det peikt på at renteauken truleg har gjort at det kjem inn færre søknadar til avdelinga og at det derfor er mindre søknadar å sakshandsame. Samtidig peikar andre i intervju på at byggesakshandsaminga tek for lang tid i kommunen og at byggesakshandsaming derfor kan vere eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon.

Vidare blir det i intervju vist til at det er delar av kart- og planforskrifta som kommunen i dag ikkje klarar å etterleve.

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at plan- og byggesaksavdelinga er opptekne av å etterleve regelverket.

- Vektig av klima og miljø i anskaffingar
- Samarbeid med private og offentlege aktørar



Risiko knytt til:

- Sakshandsaming
- Brot på regelverk (mellom anna kart- og planforskrifta)
- Økonomistyring

5 Risiko i kommunens eigarstyring og selskap

5.1 Innleiing

Basert på innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko knytt til kommunen si **eigarstyring** og i kommunen sine **selskap**.

For å undersøkje kommunen sin **eigarstyring** gjennomførast det **eigarskapskontroll**. Fokus er på kommunen sin forvaltning av eigarskapet (eitt eller fleire). Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styremedlemmar, opplæring av styremedlemmar og rapportering til kommunestyret. Selskap som er omfatta av eigarskapskontroll er AS, IKS, kommunalt oppgåvefelleskap (KO) og samvirkeforetak (SA).

Dersom det er behov for å gjera nærare undersøking av sjølve selskapet kan det også gjennomførast **forvaltningsrevisjon** av selskapet. Då vil ein kunne gjennomføre forvaltningsrevisjon av selskapet si drift og tenester, til dømes om selskapet driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. Det er også mogleg å kombinera eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap i ein og same undersøking. Figuren under gir ei illustrasjon av dei to formene for kontroll.

Figur 2 Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap



I 5.2 vert det gitt ei oversikt over alle selskap kommunen har eigarinteresser i. Vidare vil vi i 5.3 beskriva konkrete risikoområde knytt til kommunen sin eigarstyring og i kommunen sine selskap, basert på innhenta data og oversikta over alle selskap i 5.2. Vurderinga av konkrete risikoområde i 5.3 er basert på påvist risiko gjennom intervju eller andre data, samt tema knytt til eigarstyringa, eller selskap, som enno ikkje er undersøkt i Fitjar kommune. I tillegg er det andre element av risiko og vesentlegheit som er teke med i vurderinga, mellom anna knytt til storleik på eigardel, økonomi og føremål med selskapet. Desse elementa går fram av dei tre kolonnane lengst til høgre i tabellen i 5.2 og kan oppsummerast slik:

- **Heileigde selskap**, eller selskap der Fitjar kommune har ein vesentleg eigardel
- **Økonomisk risikoscore** – score basert på vurdering av tal for siste års inntening, soliditet, likviditet og effektivitet

- **Økonomisk verdiskaping** - selskap som forvaltar vesentlege økonomiske verdier og/eller som kan gi økonomisk gevinst (utbyttemoglegheit) eller har tapspotensiale for kommunen
- **Tenestetilbod til utsette brukargrupper** - VTA-bedrifter (varig tilrettelagt arbeid) som tilbyr arbeidsplass til ei sårbar arbeidsgruppe
- **Utviklingsarbeid** - selskap som driv med utviklingsarbeid for å bidra til å nå viktige kommunale målsetjingar, til dømes knytt til
 - boligitilbod
 - helse
 - ansvarleg forbruk og produksjon
 - klima og/eller berekraft
 - infrastruktur
 - næringsliv
 - innovasjon
- **Samfunnskritiske tenester** - selskap som tilbyr samfunnskritiske tenester direkte til innbyggjarane, til dømes innan vatn, renovasjon og avløp (VAR), energi eller brann og redning

I alle kommunen sine eigarskap, enten andelen er stor eller liten, ligg det ein potensiell omdømmerisiko dersom selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar. Det same gjeld dersom kommunen sitt eigarskap ikkje blir ivareteke i samsvar med anerkjente prinsipp for god eigarstyring.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og vurderingane er basert på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjera rekkefølge for forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen eller i selskapa det gjeld. Det er derfor viktig å alltid søkja etter oppdatert og påliteleg informasjon når ein skal ta slutningar eller gjera vurderingar.

5.2 Oversikt over kommunen sine eigarskap

Fitjar kommune har ingen heileigde selskap, men har eigarinteresser i ni selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar (1-9), og eigarinteresser i fire selskap der det også er private og/eller statlege eigarar (10-13). Heileigde og deleide selskap saman med andre kommunar kjem inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Desse selskapa har Fitjar kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Selskap kommunen eig saman med andre ikkje-kommunale aktørar kjem ikkje inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardelar eller samvirkeforetak. Det kan gjennomførast eigarskapskontroll av slike selskap (sidan dette handlar om kommunen si forvaltning), men for å gjera forvaltningsrevisjon som krev innsyn i selskapet må dette skje ved at styret i selskapet samtykkjer til innsyn.

Tabellen under gir ei oversikt over selskapa kommunen har eigarskap i, med informasjon om bransjen selskapet er ein del av, selskapet sitt føremål og kommunen sine mål med eigarskapet, kommunen sin eigardel, vurdert økonomisk risikoscore og aktuelle nøkkelpunkt som seier noko om ibuande risiko og vesentlegheit. Talgrunnlaget for risikoscoren, samt utfyllande informasjon om selskapa ligg i egne tabellar i vedlegg 1.

Tabell 7 Oversikt over selskapa kommunen eig eller har eigardelar i

Selskap	Bransje	Føremål/mål med eigarskap ⁴	Eigar-del	Økonomisk risikoscore ⁵	Annan aktuell risiko og vesentlegheit
1. Eigedomsselskapet Gamle Fitjar Tinghus AS	Eigedomsforvaltning	Å drive forretningsbygg i Fitjar for å skaffe høvelege lokalar til eigarane.	80%	4,48	Utviklingsarbeid
2. Fitjar Utvikling AS	Eigedomsforvaltning	Fremje utviklinga av Fitjar, gjennom investering, samarbeid og tilrettelegging, samt det som står naturleg i forbindelse med dette, som til dømes eige, utvikle, og forvalte eigedom.	50%	3,41	Utviklingsarbeid
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Regionalt samarbeid	Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid.	12,5%	4,60	Utviklingsarbeid
4. Sunnhordland Interkommunale Legevakt IKS	Helsetenester	Selskapet skal ta i vare eigarane si plikt til å ha legevaktordning i samsvar med gjeldande lov og avtaleverk	9,2%	N/A	Samfunnskritiske tenester
5. Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	Renovasjon	Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.	5,93%	4,31	Samfunnskritiske tenester
6. Vann Vest AS	Regionalt samarbeid	Selskapet skal fremje samarbeid og kompetanseutvikling. Selskapet skal utføre og formidle tenester, knytt til vatn- og avløpsverksemd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vatnmiljø og beredskap.	4,34%	3,10	Utviklingsarbeid
7. Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Arkivtenester	Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6.	2,78%	N/A	Utviklingsarbeid

⁴ Enkelte selskaper har lange formål. For disse gir tabellen en kort versjon, mens formål slik det fremgår i eierskapsmeldingen er å finne i tabellene med mer informasjon om selskapet i vedlegg 1.

⁵ Skala fra 1-5, der 1 er lavest mulige score og 5 er høyest mulige score.

8.	Krisesenter Vest IKS	Helse og omsorgstenester	Selskapet skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova si § 2 a), b) og c).	1,77%	N/A	Samfunnskritiske tenester
9.	Haugaland Kraft AS	Kraft	Eierskap i selskaper som driver produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi.	0,2%	4,07	Økonomisk verdiskaping
10.	Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS	Kultur og idrett	Å eige og drive eit allsidig kultur- og idrettsbygg til det beste for innbyggjarane i Fitjar kommune.	76,23%	3,77	Utviklingsarbeid • Kultur
11.	Opero Holding	VTA-bedrift	Skal via eigarskap i dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS utvikla og levera tenester som har fokus på å fremja arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidsliv, uavhengig av kva utfordringar dei forskjellige deltakarane har.	6,03%	3,58	Tenestetilbod til utsette samfunnsgrupper
12.	Atheno AS	Næringsutvikling	Føremålet med eigarskapet i Atheno AS er å sikre at selskapet utviklar regionen og næringslivet på ein måte som kjem kommunen til gode.	3,91%	4,31	Utviklingsarbeid • Næringsliv
13.	Hordfast AS	Infrastruktur	Selskapet skal arbeida for å realisere ferjefri kyststamveg - E39 - i Hordaland.	3,37%	1,61	Utviklingsarbeid • Infrastruktur

5.3 Oversikt over identifiserte risikoområde knytt til kommunen sine eigarskap og i selskapa

Fitjar kommune har utarbeidd eigarskapsmelding frå 2022.

Det blei gjennomført eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS i 2021.

Under presenterer vi vurderingane av kor i Fitjar kommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Tabell 8: Identifiserte risikoområder i kommunen sine eigarskapsforvaltning og i kommunen sine selskap

Område/selskap og identifiserte risiko	Risiko- og vesentlighetsvurdering
Overordna eigarskapsforvaltning i Fitjar kommune (eigarskapskontroll) Fitjar kommune skal i samsvar med kommunelova § 26-1 utarbeide ei eigarskapsmelding. Eigarskapsmelding for kommunen blei utarbeidd i 2022, og her kjem det fram informasjon om Fitjar sine eigarskap i aksjeselskap, interkommunale selskap, stiftingar og andre organisasjonar. I intervju trekk ein leiar fram at kommunen ikkje har ein tilstrekkeleg god prosess knytt til utnemning av styremedlemmar, og at manglande kompetanse blant styremedlemmar gir meirarbeid for administrasjonen. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at styrar og leiinga i aksjeselskapa har eit stort spelerom og kommunestyret i dag kjem inn i etterkant heller enn å ha ei meir proaktiv rolle.	 Risiko knytt til: • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret
Fitjar utvikling AS (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon) Fitjar utvikling skal fremje utviklinga av Fitjar, gjennom investering, samarbeid og tilrettelegging, samt det som står naturleg i forbindelse med dette, som til dømes eige, utvikle, og forvalte eigedom. I intervju går det fram at det nyleg har vore ein prosess der både ordførar og kommunedirektør sat i styret til Fitjar utvikling AS og var ugilde i avgjerslene. Per april 2024 er oppvekstsjefen og varaordførar kommunen sine representantar i styret. I intervju blir det vist til at det er utfordrande å nå måla med selskapet når ikkje kommunedirektør og ordførar kan sitte i styret i AS.	 Risiko knytt til: • Utviklingsarbeid • Internkontroll og drifta av selskapet • Roller og ansvar i oppfølginga av selskapet • Mål, krav og forventningar til selskapet
Eigarskapskontroll av interkommunale selskap Fitjar kommune er med i ulike interkommunale selskap. Sjølv om det blir vist til at fleire at desse samarbeida er naudsynte blir det stilt spørsmål om Fitjar kommune «lar seg styre» eller om kommunen er med på å styre. Det blir vist til eit inntrykk av at kommunen har lite påverknad på drifta i selskapa, då avstanden	 Risiko knytt til: • Styring og kontroll • Organisering og drift

er stor, slik at det er ein risiko knytt til samarbeida både med omsyn til drift og økonomi.

- Tilbodet til brukarane



6 Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekter og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i Fitjar kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under. Prosjekta under er delt mellom dei som er vurdert med høg risiko (raude) og dei som er vurdert med middels risiko (gule). Det er ikkje gjort noko prioritering innbyrdes mellom desse.

Tabell 9: Prosjekter med høg risiko (røde)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Internkontroll og kvalitetsarbeid	• Utdaterte rutinar og prosedyrar • Tilgjengelegheit av rutinar og prosedyrar • Bruk av funksjonar i kvalitetssystemet
Beredskap	• Systematikk i beredskapsarbeidet • Overordna beredskap • Handtering av alvorlege hendingar • Liv og helse
Legeteneste	• Fastlegekapasitet • Rekruttering • Organisering av arbeidet
Fitjar bu – og behandlingssenter	• Rekruttering og bruk av vikarar • Rutinar og prosedyrar • Omstilling av organisering og oppgåvefordeling
Rus og psykisk helse-tenester	• Tenestetilbod til ulike grupper • Bustadar til innbyggjarar med utfordringar med rus • Brot på regelverk knytt til tenester til innbyggjarar med rus og/eller psykisk helseutfordringar
Habiliteringstenesta (miljøterapeutisk avdeling)	• Tenestetilbod til ulike brukargruppe • Kapasitet, kompetanse og bemanning • Brukarmedverknad • Pårørandemedverknad • Etterleving av lover og regelverk
Samhandling knytt til sårbare barn og unge	• Tenestetilbod • Rutinar og praksis for samarbeid på tvers av tenestene • Rutinar og praksis for oppfølging av sårbare barn og unge i kommunen • Kompetanse og kapasitet
Barneverntenesta	• Informasjonsarbeid til andre tenester • Evaluering av tiltaksplanar • Oppfølging av og tenester til sårbare barn og familiar

Vald og truslar mot tilsette i skulen	• Brot på lov og forskrift i arbeidsmiljølova • Førebygging av vald og truslar • Oppfølging og handtering av avvik
Tilpassa opplæring, individuell tilrettelegging og PPT	• Etterleving av enkeltvedtak • Tilpassa opplæring • Implementering og etterleving av ny opplæringslov
Skulemiljø	• Elevrettar • Systematisk skulemiljøarbeid • Etterleving av krava i opplæringslova • Konsekvensar for enkeltelevar
Helsestasjon – og skulehelseteneste	• Kvalitet i tenesteytinga • Rutinar og prosedyrar • Kapasitet og kompetanse
Fitjar brann- og redning	• Økonomi- og kostnadskontroll • Etterleving av lover og forskrifter

Andre prosjekter (gule)

Tabell 10: Prosjekter med middels risiko (gul)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Personalforvaltning og sjukefråvær	• Sjukefråværsoppfølging • Rekrutteringsarbeid • Tilsetjingsprosessar
Investering og økonomistyring	• Budsjettoverskridingar • Høg gjeldsgrad • Budsjettkontroll • Prosjektstyring
Anskaffingar og innkjøp	• Kostnadsineffektive innkjøp • Innkjøpskrav knytt til klima og miljø • Kontraktsoppfølging • Leverandøroppfølging • Rutinar og kontroll
Etikk og varsling	• Kjennskap til etisk regelverk • Brot på etisk regelverk • Habilitetsvurdering • Tillit
Arkiv og offentlighet	• Brot på regelverk • Personopplysningar • Publisering av offentlege dokument • Openheit • Arkiveringspraksisar
Kunstig intelligens	• Rettleiing og opplæring av tilsette i forsvarleg bruk • Ivaretaking av personvern ved bruk • Utnytte KI til å effektivisere og sikre kvalitet i arbeidsprosessar

Informasjonstryggleik og personvern	• System og rutinar knytt til informasjonstryggleik og personvern • Datainnbrot og tap av verdier
Saksførebuing og vedtaksoppfølging	• Kvalitet i saksførebuinga • Iverksetting av politiske vedtak • Samhandling mellom politisk og administrativt nivå • Roller og ansvar
Heimeteneste	• Kompetanse og kapasitet • Brot på lover og regelverk • Dagtilbod til eldre innbyggjarar
Fysio-ergoterapi	• Tenestetilbod
NAV kommune	• Tilbodet til sosialt og økonomiske vanskelegstilte
Barnehage	• Kvaliteten i barnehagetilbodet • Rolla som barnehagemynde • Overgang mellom barnehage og skule
Kultur og fritid	• Søknadshandsaming • Oppfølging, forvaltning og rapportering av tilskotsmidlar
Vaksenopplæring	• Kapasitet i tenesta
Stord- og Fitjar landbruks -og miljøkontor	• Etterleving av regelverk etter endring i organisering • Tap av kompetanse • Oppfølging, forvaltning og rapportering av tilskotsmidlar • Sakshandsaming
Vatn og avløp	• Økonomi- og kostnadskontroll • Etterleving av reinsekrav • Beredskap • Sjølvkost
Klima og miljø	• Etterleving av egne og nasjonale målsettingar • Vektig av klima og miljø i anskaffingar • Samarbeid med private og offentlege aktørar
Plan og bygg	• Sakshandsaming • Brot på regelverk (mellom anna kart- og planforskrifta) • Økonomistyring
Fitjar utvikling AS (forvaltningsrevisjon i selskap)	• Risiko knytt til: • Utviklingsarbeid • Internkontroll og drifta av selskapet • Roller og ansvar i oppfølginga av selskapet • Mål, krav og forventningar til selskapet

Tabell 11: Eigarskapskontroll

Overordna eigarskapsforvaltning i Fitjar kommune (eigarskapskontroll)

Fitjar kommune skal i samsvar med kommunelova § 26-1 utarbeide ei eigarskapsmelding. Eigarskapsmelding for kommunen blei utarbeidd i 2022, og her kjem det fram informasjon om Fitjar sine eigarskap i aksjeselskap, interkommunale selskap, stiftingar og andre organisasjonar.

I intervju trekk ein leiar fram at kommunen ikkje har ein tilstrekkeleg god prosess knytt til utnemning av styremedlemmar, og at manglande kompetanse blant styremedlemmar gir meirarbeid for administrasjonen.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at styrar og leiinga i aksjeselskapa har eit stort spelerom og kommunestyret i dag kjem inn i etterkant heller enn å ha ei meir proaktiv rolle.

Risiko knytt til:

- System og rutinar for oppfølging av eigarskap
- Rutinar for val av styrerepresentantar
- Opplæring av styrerepresentantar
- Rapportering til kommunestyret

Fitjar utvikling AS (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)

Fitjar utvikling skal fremje utviklinga av Fitjar, gjennom investering, samarbeid og tilrettelegging, samt det som står naturleg i forbindelse med dette, som til dømes eige, utvikle, og forvalte eigedom.

I intervju går det fram at det nyleg har vore ein prosess der både ordførar og kommunedirektør sat i styret til Fitjar utvikling AS og var ugilde i avgjerslene. Per april 2024 er oppvekstsjefen og varaordførar kommunen sine representantar i styret. I intervju blir det vist til at det er utfordrande å nå måla med selskapet når ikkje kommunedirektør og ordførar kan sitte i styret i AS.

Risiko knytt til:

- Utviklingsarbeid
- Internkontroll og drifta av selskapet
- Roller og ansvar i oppfølginga av selskapet
- Mål, krav og forventningar til selskapet

Eigarskapskontroll av interkommunale selskap

Fitjar kommune er med i ulike interkommunale selskap. Sjølv om det blir vist til at fleire at desse samarbeida er naudsynte blir det stilt spørsmål om Fitjar kommune «lar seg styre» eller om kommunen er med på å styre. Det blir vist til eit inntrykk av at kommunen har lite påverknad på drifta i selskapa, då avstanden er stor, slik at det er ein risiko knytt til samarbeida både med omsyn til drift og økonomi.

Risiko knytt til:

- Styring og kontroll
 - Organisering og drift
 - Tilbodet til brukarane
-

Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal

Selskap der kommunen har full innsynsrett

Selskapa som er presentert i tabellane under er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Fitjar kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av. Informasjonen er i hovudsak henta frå kommunen si eigeskapsmelding for 2022, datert 20. september 2023, Dun & Bradstreet SmartCheck og proff.no

Eigedomsselskapet Gamle Fitjar Tinghus AS

Eigarar Fitjar kommune – 80%

Andre eigarar: Fitjar Kraftlag SA

Selskapet sitt føremål Å drive forretningsbygg i Fitjar for å skaffe høvelege lokalar til eigarane. Vidare kan selskapet på same måte skaffa lokalar til offentlege og private verksemder og personar.

Informasjon om selskapet Det blei gjennomført omfattande oppgraderingar av brannsikring, universell utforming (m.a. heis) i 2013, til ein kostnad kring kr 6,4 mill., og teke opp eit lån på kr 4 709 000 med kommunal garanti i Kommunalbanken. Restsaldo ved sist årsskifte var kr 2 590 180. Rentenivået tilsvara renta på kommunale p.t. lån. I samband med finansiering av dette arbeidet blei vedtektene endra slik at det ikkje er høve til å betala utbytte i dei komande åra. I 2022 har selskapet arbeida vidare med forprosjektet for oppgradering av reinholdslager, personalrom og toalett i 3.etasje. Prosessen blir ikkje sluttført før 2023.

Mål med kommunen sitt eigarskap Som eigar av rådhuset i Fitjar har kommunen både ei økonomisk og strategisk langsiktig interesse i eigarskapet; det gir påverknadskraft, kontroll og forutsigbarheit for kommunen som leigetakar.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	1 170	1 131	1 119	1 106	1 064
Driftsresultat	396	404	392	345	376
Årsresultat	228	273	253	206	240
Eigenkapital	4 819	4 591	4 318	4 065	3 859
Gjeld	2 905	3 057	3 417	3 443	3 727

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	4,00	5,00	5,00	3,40	4,48
	Lang sikt	4,00	5,00	5,00	2,60	
	Score	4,00	5,00	5,00	2,80	

Fitjar Utvikling AS

Eigarar Fitjar kommune – 50%

Andre eigarar: Fitjar Kraftlag SA

Selskapet sitt føremål Fremje utviklinga av Fitjar, gjennom investering, samarbeid og tilrettelegging, samt det som står naturleg i forbindelse med dette, som til dømes eige, utvikle, og forvalte eigedom. Selskapet skal vera ein premissleverandør og ei drivkraft for utviklinga av Fitjar. Selskapet skal investere og tilretteleggje. Selskapet skal ikkje ha tilsette, og skal ikkje være eit driftselskap.

Informasjon om selskapet Kommunestyret vedtok i 2020 sak PS 61/2020) å oppretta selskapet saman med Fitjar kraftlag, med innskot av aksjekapital på NOK 100 000. Selskapet blei oppretta i 2021. Selskapet har i 2022 arbeidd med ein visjon for å byggja nytt badeanlegg i Fitjar. Saman med styret har ulike lokale aktørar gjeve viktige bidrag i arbeidet. Selskapet har fått utarbeida skisser for plassering og utforming av eit evt. bygg.

Mål med kommunen sitt eigarskap Viktig for føremålet. Ein nøkkel for å få realisert allmennyttige tiltak i reguleringsplan for Fitjar sentrum.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	0	0	0	0	0
Driftsresultat	-16	0	0	0	0
Årsresultat	-16	0	0	0	0
Eigenkapital	179	194	0	0	0
Gjeld	125	0	0	0	0

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,00	5,00	4,75	1,80	3,41
	Lang sikt	1,00	5,00	4,75	1,80	
	Score	1,00	5,00	4,75	1,80	

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Eigarar Fitjar kommune – 12.5 %

Andre eigarar: Kvinnherad, Etne, Tysnes, Fitjar, Austevoll, Stord, Sveio

Selskapet sitt føremål Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing. Føremålet blir konkretisert m.a. gjennom desse oppgåvene:

- Fremja Sunnhordland sine interesser
- Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur
- Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland

Informasjon om selskapet	Selskapet var stifta 18.01.2014, og er eigd av kommunane Bømlo, Fitjar og Stord. Eigarkommunane heftar uavgrensa for selskapet sine plikter i samsvar med sin eigedel. Eigarane pliktar å betala årleg driftstilskot til selskapet til dekning av godkjende driftskostnader i samsvar med sin eigedel.
Mål med kommunen sitt eigarskap	Deler av aktiviteten er lovbestemt for kommunane. Andre delar av den har kommunen ikkje sjølv kapasitet og kompetanse til å dekke. Eigarskapet er avgjerande for å tilby naudsynte tenester.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Eigarar	Fitjar kommune – 5,93% Andre eigarar: Stord, Kvinnherad, Sveio, Austevoll, Bømlo, Tysnes
Selskapet sitt føremål	Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning. Selskapet skal bidra til miljøtiltak i eigarkommunane. Selskapet har ikkje erverv til føremål.
Informasjon om selskapet	Selskapet blei skipa i 1990. Selskapet er ansvarleg for avfallshandsaminga i eigarkommunane, og samlar inn alt hushaldsavfall og slam frå dei om lag 60 000 innbyggjarane og 15-20 000 hyttebrukarane i regionen.
Mål med kommunen sitt eigarskap	Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland Interkommunale miljøverk IKS, er å sikre publikum innsamling og drift av forbruksavfall og slam på ein miljøvennlege og effektiv måte. Kommunen har og ei særleg interesse i sikring av ansvar for deponiet på lang sikt; eigarskapet gjer både kontroll- og påverknadsmoglegheiter.

Nøkkeltal	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	126,166	121,023	107,579	100,353	89,506
Driftsresultat	-2,297	2,594	1,980	7,475	10,587
Årsresultat	-1,545	1,400	1,522	6,790	10,656
Eigenkapital	200,546	202,092	200,692	199,170	192,380
Gjeld	98,249	88,885	78,396	78,621	80,216

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1.75	5.00	5.00	3.80	
	Lang sikt	3.50	5.00	5.00	3.60	4.31
	Score	3.15	5.00	5.00	3.65	

Vann Vest AS

Eigarar	Fitjar kommune – 4,34%
----------------	------------------------

Andre eigarar: 29 ulike eigarkommunar med lik eigenandel.

Selskapet sitt føremål	Samarbeidsorganisasjon for eigarane. Selskapet skal fremje samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilrettelegge for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksemd. Selskapet skal utføre og formidle tenester, knytt til vatn- og avløpsverksemd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vatnmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med eller delta i andre føretak i den grad dette er føremålstenleg.
-------------------------------	--

Informasjon om selskapet	Eit kommunalt eigd aksjeselskap, som blei stifta i desember 2019.
---------------------------------	---

Mål med kommunen sitt eigarskap	Eigarskap i hovudsak naudsynt då ein historisk i hovudsak har mangla intern kompetanse på området. Eigarskapet har styrka kommunen si fagavdeling i ein periode med generasjonsskifte, og bidratt til auka kompetanse og nettverk. Eigarskap kan vurderast.
--	---

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	13 430	10 962	60	0	0
Driftsresultat	620	376	-444	0	0
Årsresultat	623	378	-444	0	0
Eigenkapital	686	43	-345	74	0
Gjeld	7 197	6 494	1 383	499	0

Økonomisk risikoenalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	5,00	2,14	5,00	2,80	
	Lang sikt	2,00	1,00	5,00	2,80	3,10
	Score	2,60	1,80	5,00	2,80	

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Eigarar Fitjar kommune – 2,78%

Interkommunalt samarbeid mellom Austevoll, Austreheim, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Bjørnafjorden, Osterøy, Samnager, Stord, Sveio, Tysnes, Ulvik, Vaksdal og Voss.

Selskapet sitt føremål	1. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6. 2. Selskapet skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv, utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane, lokale kurs om arkivfaglege emne, tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv, rettleiing om arkivfaglege spørsmål, rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv. Selskapet skal drive
-------------------------------	--

fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte.

3. Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv, jf. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6.

Informasjon om selskapet	Selskapet blei stifta 22.05.2002, og er eigd av 24 kommunar i Vestland. Eigarane betalar inn årlege tilskot til drift etter vedtak i representantskapet. Tilskotet skal vera eit grunnbeløp samt eit kronebeløp per innbyggjar. Eigedelalen skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av kvar enkelt eigar sitt årlege tilskot til selskapet. Eigedlane skal justerast ved innmelding og utmelding. Den einskilde eigar heftar uavgrensa for sine aktuelle eigardeler av selskapet sine samla forpliktingar.
---------------------------------	---

Mål med kommunen sitt eigarskap	Føremålet med eigarskapet er å sikra at verdifullt arkivmateriale i Fitjar kommune blir teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.
--	---

Krisesenter Vest IKS

Eigar	Fitjar kommune – 1,77%
--------------	------------------------

Andre eigarar: Karmøy, Haugesund, Stord, Kvinnherad, Tysvær, Ullensvang, Vindafjord, Sveio, Sauda, Etne Suldal, Bømlo, Tysnes, Bokn, Utsira

Selskapet sitt føremål	Selskapet skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova si § 2 a), b) og c). Selskapet skal vera eit rådgjevande organ for eigarkommunane i etterleving av lova si § 2 d). Selskapet har ikkje som formål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunen.
-------------------------------	--

Informasjon om selskapet	Krisesenter Vest IKS er eit interkommunalt samarbeid mellom 16 vestlandskommunar, som blei stifta i 2011. Det ligg ikkje føre rekneskapstal for selskapet.
---------------------------------	--

Mål med kommunalt eigarskap	Formålet med eigarskapet er å sikra eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Aktiviteten er lovbestemt for kommunane, og deltaking i IKS-et er avgjerande for at kommunen skal kunne tilby desse tenestene.
------------------------------------	---

Haugaland Kraft AS

Eigarar	Fitjar kommune – 0,2%
----------------	-----------------------

Andre eigarar: Fitjar Kraftlag SA, ytterlegare kommunar i regionen

Selskapet sitt føremål	Eierskap i selskaper som driver produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi, og som tilbyr sikker og kostnadseffektive bredbåndstjenester, samt hva hermed står i forbindelse, herunder å delta i andre foretak som driver tilsvarende virksomhet. Selskapet skal også ivareta av konsern- og hovedkontorfunksjoner.					
Informasjon om selskapet	Haugaland Kraft kjøpte i 2021 tilbake Fjelberg Kraftlag sin aksjepost på 3,67%, og tilbydde 0,8% av disse vidare til 4 kommunar, deriblant Fitjar kommune. Kjøpet blei gjennomført desember 2021. Særskilt høge straumprisar har gjeve konsernet eit svært godt resultat for 2021, og det blei utbetalt eit utbytte på kr 671 000,- i 2022.					
Mål med kommunen sitt eigarskap	I eit overordna perspektiv vil likevel eigarskap i Haugaland kraft kunne stimulere til utbyggingar og satsingar i kommunen og regionen, som totalt sett styrkar innbyggjarane sitt tilbod.					
Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018	
Totalinntekt	7 077 918	3 735 434	1 718 673	2 365 814	2 652 329	
Driftsresultat	5 023 818	2 015 260	381 343	1 045 759	1 300 248	
Årsresultat	1 162 235	663 619	242 604	483 982	580 661	
Eigenkapital	10 512 110	9 537 436	9 400 936	9 339 316	8 731 085	
Gjeld	7 739 960	5 034 876	3 753 865	3 103 518	2 872 449	
Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	5,00	5,00	2,75	3,60	4,07
	Lang sikt	4,75	5,00	2,50	3,00	
	Score	4,80	5,00	2,70	3,15	

Selskap der kommunen ikkje har full innsynsrett

Selskapa som er presentert i tabellane under er selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kommer inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardelar eller samvirkeforetak. Informasjonen er i hovudsak henta frå kommunens eigeskapsmelding for 2022, datert 20. september 2023, Dun & Bradstreet SmartCheck og proff.no

Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS						
Eigarar	Fitjar kommune – 76,23%					
	Andre eigarar: Fitjar Kraftlag SA, Wärtsilä Ship Design Norway AS, Fitjar Idrettslag					
Selskapet sitt føremål	Å eige og drive eit allsidig kultur- og idrettsbygg til det beste for innbyggjarane i Fitjar kommune.					
Informasjon om selskapet	Selskapet har gått med underskot frå starten (overskot i 2020 pga. pandemi-drift), men oftast mindre enn avskrivningane. Likviditeten pr 31.12.22 er god. Styret peikar på at den økonomiske situasjonen for selskapet er vanskeleg, mellom anna pga ringverknadane av pandemien. Kulturdelen og seniorsenteret er direkte eigd av kommunen, på leigd areal frå selskapet. I samsvar med avtale mellom partane har Fitjar kommune totalt investert kr 6.250.000, m.a. i bibliotek, kultursal og seniorsenter. I 2016 blei det vedteke å tilføra MNOK 3 i ny aksjekapital, som del av ein emisjon. Emisjonen blei delvis gjennomført i 2017. Som eit ledd av denne emisjonen innfridde FKIB AS eit lån på kr 150 000,- til kommunen, samt det blei gjort delinnbetaling på lånet til Kommunalbanken (redusert frå kr 3 023 500 til 507 810 pr 31.12.17). Pr 31.12.2022 er restgjelda til Kommunalbanken kr 349 110. I 2017 løyva Fitjar kommune kr 450 000,- til ny projektor til kinoen i kultursalen.					
Mål med kommunen sitt eigarskap	Som del-eigar av kultur- og idrettsbygget, samt heileigar av bibliotek, kultursal, og seniorsenter, har kommunen ei langsiktig økonomisk og strategisk interesse i selskapet. Eigarskapet gir påverknadskraft, kontroll og forutsigbarhet for kommunen som bygg-eigar, leigetakar, og gir rom for fleksibilitet i møte med eigen eller frivillige organisasjonar si drift. Vidare sikrar det påverknadsmoglegheiter kva gjeld kulturtilbodet i kommunen.					
Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018	
Totalinntekt	3 060	2 941	3 023	2 695	3 266	
Driftsresultat	-121	-58	102	-471	-280	
Årsresultat	-83	-35	159	-497	-293	
Eigenkapital	10 365	10 448	10 483	10 324	10 821	
Gjeld	1 022	1 566	1 580	1 524	998	
Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,75	5,00	4,75	3,20	3,77
	Lang sikt	2,00	5,00	3,75	3,20	
	Score	1,95	5,00	4,55	3,20	

Opero Holding AS

Eigarar Fitjar – 6,03%

Andre eigarar: Stord, Vestland fylkeskommune, Kvinnherad, Sveio, Bømlo, Tysnes, Etne, Vindafjord og Sør-Norge Aluminium AS.

Selskapet sitt føremål Skal via eigarskap i dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS utvikla og levera tenester som har fokus på å fremja arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidsliv, uavhengig av kva utfordringar dei forskjellige deltakarane har. Skal søka å styrka sine og dotterselskapa sin posisjon innanfor dei tenesteytande felt der det er naturleg med tanke på kompetanse og kapasitet, og som vil utvikla verksemda sin generelle styrke og føremål. Skal yte drifts- og servicefunksjonar i høve til dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS. Har ikkje økonomiske føremål, og det skal ikkje delast ut utbytte. Eventuelt overskot skal vera i verksemda og komma føremålet til gode.

Informasjon om selskapet Ås barnehage AS, Opero AS og Opero Pluss AS er heileide dotterselskap til Opero Holding AS.

Mål med kommunen sitt eigarskap Viktig for å gjennomføra føremålet, samt kunne påverka tenestetilbodet til dotterselskap.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	6 795	5 623	21 660	37 484	38 388
Driftsresultat	159	55	219	205	633
Årsresultat	154	73	139	53	475
Eigenkapital	17 539	17 385	17 312	17 173	17 120
Gjeld	11 529	5 990	4 933	12 071	12 823

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	3,50	5,00	2,00	2,80	3,58
	Lang sikt	3,50	5,00	4,25	3,00	
	Score	3,50	5,00	2,45	2,95	

Atheno AS

Eigarar Fitjar – 3,91%

Andre eigarar: kommunar, fylkeskommunar og bedrifter.

Selskapet sitt føremål

- Å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige. Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk.
- Å driva inkubatorverksemd i regionen og arbeide for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand.
- Å driva regionalt nærings- og samfunnsutviklings- arbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemdar i Sunnhordland. - Å tilby tenester til

næringsliv og offentlege aktørar til så høg aktivitet og attraktiv pris at ein blir føretrekt som samarbeidspartnar for desse.

- Å arbeida fram samt leggja til rette og tilby naudsynt kompetanse i regionen.

Informasjon om selskapet Selskapet blei stifta 26.06.1992. Selskapet sin aksjekapital er kr 3 221 000 fordelt på 3221 aksjar pålydande kr 1 000,-.

Mål med kommunen sitt eigarskap Føremålet med eigarskapet i Atheno AS er å sikre at selskapet utviklar regionen og næringslivet på ein måte som kjem kommunen til gode. Det er viktig for Fitjar kommune å signalisere oppslutning om selskapet gjennom ein viss eigarpost – samtidig som ein slik eigarpost gjev høve til å utøve eigarstyring og påverknad m.a. når det gjeld selskapet si styresamansetjing.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	13 796	13 542	10 128	9 286	9 689
Driftsresultat	52	392	134	38	-102
Årsresultat	110	399	149	51	-97
Eigenkapital	6 335	6 225	5 827	5 459	5 292
Gjeld	3 197	2 616	2 060	1 676	2 067

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	3,50	5,00	5,00	3,60	4,31
	Lang sikt	3,50	5,00	5,00	2,20	
	Score	3,50	5,00	5,00	2,55	

Hordfast AS

Eigarar Fitjar – 3,37%

Andre eigarar: Kommunar og næringslivsorganisasjonar

Selskapet sitt føremål Selskapet skal arbeida for å realisere ferjefri kyststamveg - E39 - i Hordaland. Selskapet skal særleg arbeida med tiltak som støtter opp om å få eit vedtak om å byggja ferjefri kyststamveg, samt få dette realisert. Under dette bidra til eventuell forskotering eller delfinansiering av utgreiingar og planar som er nødvendig for lokale og nasjonale vedtak.

Informasjon om selskapet Selskapet blei stifta 20.08.2010. Aksjekapital er på kr 148 000,- fordelt på 148 aksjar à kr 1 000,-.

Mål med kommunen sitt eigarskap Fitjar kommune har inga økonomisk interesse i selskapet, men deltaking/eigarskap er viktig for å støtte føremålet. Eigarskapet signaliserer både økonomisk og politisk prioritering, samstundes som det styrkar selskapet sitt faktiske arbeid for realisering.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	1 812	1 535	2 035	2 142	1 700
Driftsresultat	-147	-376	-104	-155	-181
Årsresultat	-147	-374	-102	-154	-180
Eigenkapital	-315	-168	206	189	343
Gjeld	2 227	2 269	2 034	2 103	2 190

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,00	1,00	2,00	2,60	1,61
	Lang sikt	1,00	1,67	3,25	2,80	
	Score	1,00	1,20	2,25	2,75	

Vedlegg 2 Oversikt over stiftingar, samarbeid og foreiningar

Stiftelsar og legatar:

- Stiftelsen Havnauset Bu- og Servicesenter
- Foreininga Håkon den Gode – Fitjar, og Kystkultur no!

Parts- eller andelslag:

- Fitjar Kraftlag SA
- Biblioteksentralen SA
- Gartnartunet burettslag
- Fitjar fjellsameige
- Vestbo BBL

Foreiningar:

- Friluftsrådet Vest

Vedlegg 3 Rekneskapsanalyse

Innleiing

Om dokumentet

Rekneskapsanalysen i denne rapporten ser på fire ulike område av eit selskap sin finansielle risiko. Desse områda er:

- Inntening
- Soliditet
- Likviditet
- Effektivitet

Kvar av desse områda med tilhøyrande nøkkeltal er beskrive i sine respektive avsnitt under.

Det er ingenting i vegen for å lesa dokumentet frå start til slutt, men dette dokumentet fungerer kanskje best som eit lite oppslagsverk for nøkkeltala som er nytta i rekneskapsanalysen.

Avgrensingar ved analysen

Denne rekneskapsanalysen er heilt lik for alle selskap uavhengig av bransje. Dette medfører nokre utfordringar for tolkinga av nøkkeltala. Til dømes kan det henda at nokre bransjar opererer med lange kredittider for både kundar og leverandørar utan at dette er noko problem, medan andre bransjar har kortare kredittider. Nokre bransjar er kapitalintensive og andre bransjar er arbeidsintensive, i tillegg til at det er ulike forretningsmodellar som påverkar resultatoppsett og innteningstidspunkt.

Det er derfor viktig å vera klar over kva for avgrensingar analysen har. Analysen må derfor først og fremst sjåast som eit hurtig overblikk og ein god indikasjon på den finansielle risikoen i eit selskap, men ikkje som ein endeleg fasit.

Likevel er det lagt ned eit betydeleg tankearbeid for å skapa ein rekneskapsanalyse som er så god som mogleg og treff best mogleg for flest mogleg selskap.

Inntening

Inntening og lønsamheit er sentrale omgrep i rekneskapsanalyse og refererer til den totale inntekta eller lønsamheita eit selskap skaper gjennom sin drift i ein bestemt tidsperiode. Inntening er berre ein del av rekneskapsanalysen, men den gir viktig innsikt i selskapet sin økonomiske helse. Inntening blir ofte vurdert i høve til tidlegare periodar, bransjestandardar og konkurrentar sine resultat for å vurdere selskapet sin yting og framtidige utsikter.

Lønsamheita til eit selskap blir ofte også vurdert opp mot kor mykje kapital som blir brukt for å skapa resultatet selskapet genererer. Då snakkar vi om rentabilitet på ulike nivå, til dømes driftsrentabilitet, totalrentabilitet og eigenkapitalrentabilitet.

Under følgjer ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for inntening som er nytta i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

Rentedekningsgrad

Om nøkkeltalet

Rentedekningsgraden viser i kor stor grad resultatet (før rentekostnader) kan dekke rentekostnadene. Eit nivå på 100% betyr at resultatet før rentekostnader er like stort som rentekostnadene og betyr at heile resultatet blir brukt til å dekke rentekostnadene. Eit nivå på 300% betyr at resultatet er tre gonger så stort som rentekostnadene.

Formel

$$\frac{(\text{Annan rentekostnad} + \text{annan finanskostnad} + \text{Ordinært resultat før skattekostnad})}{(\text{Annan rentekostnad} + \text{annan finanskostnad})}$$

Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet ser på resultata som blir skapte opp mot rentekostnadene. Det er viktig at innteninga er god nok til å dekke rentekostnadene. Derfor må ein rentedekningsgrad på 100% vera å rekna som eit minimum. For å få ein lysegrøn score i vår modell krevst det eit nivå på minst 300%. Under viser vi intervallane som blir nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
100 %	100 %	200 %	200 %	300 %	300 %	500 %	500 %

Driftsrentabilitet

Om nøkkeltalet

Driftsrentabiliteten viser kor stor avkastning (rentabilitet) drifta genererte sett opp mot driftskapitalen som er bunde i selskapet.

Formel

Driftsresultat / Gjennomsnittlege driftseigedelar

Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet relaterer til innteninga på drifta opp mot driftsmidlane som er bunde i selskapet. Ein driftsrentabilitet på 0% tilsvarer eit driftsresultat på 0. Ein bør forvente eit positivt driftsresultat og som ein tommelfingerregel bør driftsrentabiliteten ligge over alminneleg utlånsrentenivå. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-3 %	-3 %	0 %	0 %	5 %	5 %	10 %	10 %

Totalrentabilitet

Om nøkkeltalet

Driftsrentabiliteten viser kor stor avkastning (lønsamheit) drifta genererte sett opp mot driftskapitalen som er bunden i selskapet.

Formel

Driftsresultat / Gjennomsnittlege driftseigedomar

Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet relaterer til innteninga på drifta opp mot driftsmidlane som er bundne i selskapet. Ein driftsrentabilitet på 0% svarar til eit driftsresultat på 0. Ein bør forvente eit positivt driftsresultat, og som ein tommelfingerregel bør driftsrentabiliteten ligge over det vanlege utlånsrentenivået. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-2 %	-2 %	0 %	0 %	4 %	4 %	8 %	8 %

Eigenkapitalrentabilitet

Om nøkkeltalet

Eigenkapitalrentabiliteten viser kva avkastning eigarane får på eigenkapitalen (risikovillig kapital).

Formel

(Ordinært resultat før skattekostnader + Annan rentekostnad + Annan finanskostnad) / Gjennomsnittlige totale egedomar

Tolking av nøkkeltala

Dette nøkkeltalet bør ligge klart over det vanlege utlånsrentenivået, sidan eigenkapitalen tar større risiko enn utlånarar og dermed også vil krevje ein høgare avkastning. Ei fallgrube ved å bruke dette nøkkeltalet isolert sett er at selskap som har tapt delar av aksjekapitalen kan med eit svært beskjedent overskot kome ut med ein høg eigenkapitalrentabilitet. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-5 %	-5 %	0 %	0 %	8 %	8 %	15 %	15 %

Soliditet

Soliditet er eit omgrep som blir brukt i rekneskapsanalyse for å vurdere kor solid og påliteleg ein selskap si økonomiske stilling er. Soliditet gir investorar, utlånarar og andre interessentar innsikt i kor godt ei bedrift er i stand til å handtere økonomiske vanskar og betene gjeld.

Det er lurt å samanlikne selskapet si soliditet med bransjen sitt gjennomsnitt og tidlegare periodar for å få eit meir heilskapleg bilete av bedrifta si økonomiske helse.

Der inntening ser på resultata som er skapte over ein viss tidsperiode (for eksempel eitt år), er soliditet derimot eit augeblikksbilete på eit gitt tidspunkt (for eksempel per 31.12 i eit gitt år). Dette er ein grunnleggjande skilnad som det er viktig å vera klar over.

Under følgjer ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for soliditet som er nytta i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

Eigenkapitalandel

Om nøkkeltala

Eigenkapitalandelen viser kor stor del av selskapet sine egedomar som er finansiert med eigenkapital. Det vil seie kor mykje eigenkapital det er i høve til totalkapitalen, som er selskapet sin balansesum (sum gjeld og eigenkapital).

Formel

Eigenkapital / Totalkapital

Tolking av nøkkeltala

Det er vanskeleg å gi eit klart svar på kor stor eigenkapitalandelen bør være generelt, dette vil variere frå bransje til bransje. Dette nøkkeltala må derfor tolkast med litt varsomheit. Men jo høgare eigenkapitalandelen er, jo høgare er soliditeten til bedrifta, alt anna likt. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
10 %	10 %	20 %	20 %	30 %	30 %	50 %	50 %

Tapsbuffer

Om nøkkeltala

Tapsbufferen viser kor stor eigenkapital selskapet har i høve til omsetninga (driftsinntektene). Dette nøkkeltalet viser derfor kor stort underskot (i prosent av inntektene) selskapet kan ha før eigenkapitalen er tapt, gitt at driftsinntektene for neste år blir like store som fjorårets driftsinntekter.

Formel

Eigenkapital / Totalinntekt

Tolking av nøkkeltala

